

Kommunedelplan for naturmangfald


2026-2038

Årdal kommune

Framside: Illustrasjonen visar fjell som speglar seg i vatn. Den nedre delen av illustrasjonen visar fjell med rikt naturmangfald. Den øvre delen visar fjell utan naturmangfald.
Illustrasjon laga av Eline Mikkelsen

Vedtatt i kommunestyremøte 29/10-2026

Vi vil oppfordre lesarane og brukarane av naturmangfalds-planen til å lesa dokumentet på PC, slik det er utforma for, og på den måten bidra til å minska bruken av papir og blekk.



Innhaldsliste



Kapittel 1 Om naturmangfaldsplanen S. 4-9

Kapittel 2 Naturmangfald i Årdal S. 10-16

Kapittel 3 Naturtypar S. 17-39

Kapittel 4 Truslar og påverknad S. 40-46

Kapittel 5 Natur og helse S. 47-50

Kapittel 6 Klima- og naturrisiko S. 51-55

Kapittel 7 Kommunen sine oppgaver i naturen S. 56-63

Kapittel 8 Handlingsdel S. 64-75

Kjelder S. 76-77



Kapittel 1

Om planen

Foto: Inger Johanne Berntsen

Slik les du planen

Naturmangfaldsplanen er eit verktøy for både innbyggjarar og lokalsamfunnet, tilsette i kommunen, politikarar og andre som arbeider med arealbruk, naturforvaltning og lokal utvikling. Planen gir oversikt over viktige verdiar i naturen og peikar på korleis desse kan takast vare på i framtidig arbeid. Planen er delt inn i åtte hovuddelar:


1. Om planen- Instruks på kordan planen fungerar
2. Naturmangfald i Årdal- Kva natur me har lokalt
3. Naturtypar- Naturtypekartlegging og utvalte artar av interesse
4. Truslar og påverknad- Kva truslar står naturen ovanfor
5. Natur og helse – korleis naturen påverkar trivsel, folkehelse og livskvalitet.
6. Klima- og naturrisiko – samanhengen mellom natur, klimaendringar og sårbarheit.
7. Kommunens oppgaver i naturen – kva kommunen gjer, og kva som er planlagde tiltak for å sikre berekraftig bruk og vern av natur.
8. Handlingsdel- Kva tiltak skal kommune og samfunn gjere for å ivareta naturen

I den digitale versjonen av planen kan du klikke på lenkjer (hyperlenkjer) for meir informasjon og kjelder. Klikkbare lenkjer er markerte med strek under teksten; Slik som dette.

Handlingsplan

Handlingsdelen er utarbeidd i samsvar med planprogrammets krav og inneheld tiltak fordelt på fire temaområde:

Naturmangfald
Natur og helse
Klima- og naturrisiko
Kommunen sitt arbeid



Definisjonar

Bruk av raudlisteartar og framandartar

Raudlista frå Artsdatabanken gir ei vurdering av kor trua ulike artar og naturtypar er, frå livskraftig (LC) til kritisk truga (CR) og vidare til regionalt utdøydd (RE). Når ein lesar planen, er det viktig å sjå på kva kategoriar dei ulike artane høyrer til, og ta omsyn til artar som er vurderte som sårbare, truga eller sterkt trua. Framandartslista viser artar som ikkje høyrer naturleg heime i norsk natur, og som kan skade økosystem, artar eller landskap. Desse skal ein vere særleg merksam på i planlegging og forvaltning, slik at ein unngår spreiing og reduserer negative effektar.

Truslar mot naturmangfald er faktorar som reduserer utbreiing, bestandsstorleik eller tilstand til artar og naturtypar. Dei viktigaste trusselfaktorane globalt og nasjonalt er arealinngrep og -endringar, framande artar, forureining, overutnytting og klimaendringar.

Verneområde er areal som er freda etter naturmangfaldlova for å ta vare på naturverdiar, landskap eller økosystem. Vernet kan vere nasjonalpark, landskapsvernområde, naturreservat eller biotopvernområde, og set grenser for kva inngrep og aktivitetar som er tillatne.

Trua natur er naturtypar eller artar som står i fare for å forsvinne. Artsdatabanken vurderer tilstanden etter internasjonale metodar og plasserer artar og naturtypar i kategoriar frå livskraftig (LC) til regionalt utdøydd (RE). Naturtypar i dårleg tilstand er lista på Noregs raudliste for naturtypar.

Bevaring av naturmangfald Naturmangfald omfattar mangfaldet av økosystem, artar og genetiske variasjonar, samt dei økologiske samanhengane mellom desse. Målet er å ta vare på dette mangfaldet gjennom berekraftig bruk og vern.

Klimaendringar påverkar naturmangfaldet ved å endre temperatur, nedbør og sesongmønster. Dette fører til at artar må flytte leveområda sine, at natur forskyv seg, og at nye artar og sjukdomar etablerer seg. Sårbare artar og naturtypar kan forsvinne dersom dei ikkje finn eigna habitat.

Ein **naturtype** er ei einsarta type natur som inkluderer alt plante- og dyreliv og dei miljøfaktorane som verkar der, eller spesielle typar naturførekomstar som dammar, åkerholmar og liknande, samt spesielle typar geologiske førekomstar. I norsk forvaltning vert naturtypar klassifiserte etter systemet Natur i Noreg (NiN).



Lisens: CC BY 4.0 (Artsdatabanken)



Bakgrunn og formål

Kvifor kommunedelplan naturmangfald?

Årdal kommune utarbeider ein kommunedelplan for naturmangfald som grunnlag for å nå sine mål for berekraftig utvikling. Planen skal gi oversikt over naturmangfaldet kommunen har innan naturtypar, artar og leveområde. Dette

- styrker kunnskapsgrunnlaget og kompetansen i kommunen
- leggje til rette for samarbeid med nabokommunar
- forenklar offentleg sakshandsaming.

Arbeidet er forankra i nasjonale og internasjonale mål, som FNs berekraftsmål og Naturavtalen, og skal bidra til å stanse tapet av naturmangfald. Utgreiinga er gjennomført av Miljøfaglig Utredning, gjennom digitale analysar og noko nytt feltarbeid. For å laga planen er det tre sentrale fokusområde:

1. Juridisk grunnlag
Naturmangfaldlova er grunnleggjande for å ta vare på naturmangfaldet. Spesielt er §8-12 viktig for ein kommunedelplan for naturmangfald. Det handlar om å hente informasjon om eksisterande kunnskap om naturmangfaldet og deira tilstand og vite kva kunnskapshol som finnes slik at ein unngår å skade mangfald ein ikkje kjenner godt nok. Naturen er eit samankopla system kor sjølv små, lokale endringar totalt sett kan ha store, nasjonale konsekvensar.

Lover som er nytta
Naturmangfaldslova, Plan- og bygningsloven, Vannressursloven, Jordlova, Skogsbrukslova, Motorferdselsloven, Viltloven og Friluftslivsloven.

2. Politisk grunnlag
For å gjere kommunedelplanen for naturmangfald til eit dokument som kan brukas rettsleg sett, bør resultata byggjast inn i kommuneplanens arealdel og lokale rutinar for sakshandsaming. Det skal settast mål om i kor stor grad kunnskapsgrunnlaget og tiltaka som leggjast fram i planen, skal ligge til grunn i sakshandsaminga

3. Naturfagleg grunnlag
Det naturfaglege grunnlaget er i stor grad henta frå Naturbase og Artskart, men også samansett gjennom andre nettbaserte kjelder, fagrapportar og lokalkompetanse. Kjeldene som er brukt er referert til undervegs i teksten, inkludert under bildar og kart.



Mål for naturmangfald i Årdal

- etablere eit godt kunnskapsgrunnlag for rulleringa av kommuneplanen sin arealdel
- samle informasjon om naturmangfald som er kjent for innbyggjarar, men som ikkje er kartfesta
- auke kompetansen om forvalting av natur blant politikarar og internt i kommunen sin eigen administrasjon
- skape eigarskap til naturmangfaldet blant kommunen sine innbyggjarar
- få til eit godt samarbeid med nabokommunar om ei god forvalting av felles naturområde

Foto: Rigmor Øygarden, Skarpenord



Kommunedelplan for naturmangfald i det kommunale plansystemet

Naturmangfaldsplanen er ein kommunedelplan som skal leggje føringar for kommunen si samla forvaltning av natur og arealressursar. Planen byggjer på kommuneplanens samfunnsdel og skal vere eit kunnskaps- og beslutningsgrunnlag for vidare planlegging, arealforvaltning og kommunal drift.

Naturmangfaldsplanen skal særleg nyttast ved revisjon av kommuneplanens arealdel og ved utarbeiding av reguleringsplanar og enkeltsaker etter plan- og bygningslova.

Planen skal òg bidra inn i andre kommunale planar og sektorar som påverkar naturgrunnlaget, mellom anna:

- plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv,
- landbruksplan
- hovudplan for vatn og avløp
- klima- og beredskapsarbeid
- framtidig plan for utedrift

Gjennom dette skal omsynet til naturmangfald bli integrert på tvers av sektorar og inngå som ein naturleg del av kommunen si samfunnsutvikling.




Foto: Taryn Malkhassian, Hæreidselva

Naturmangfaldsplanen skal vere eit dynamisk styringsverktøy og leggje grunnlag for berekraftig bruk, bevaring og restaurering av natur i Årdal kommune.

Metode i arbeidet med Naturmangfaldsplan

Metode for kartlegging
Kartlegginga av naturmangfaldet i Årdal byggjer på ei samanstilling av eksisterande kunnskap og supplerande feltundersøkingar der kunnskapsgrunnlaget har vore mangelfullt. Arbeidet tek utgangspunkt i tidlegare naturtypekartleggingar, artsregistreringar og fagrapportar, samt data frå nasjonale databasar som Artskart og Naturbase, kombinert med lokal kunnskap og synfaring i felt.
Kartleggingane er gjennomførte etter gjeldande nasjonal metodikk frå Miljødirektoratet, der naturtypar, artar og økologiske samanhengar blir identifiserte, avgrensa og verdsette etter økologisk tilstand, sjeldanheit og funksjon som leveområde. Det er òg gjort vurderingar av påverknad og samla økologisk tilstand i områda. Kartleggingar i 2025 er hovudsakeleg nye kartleggingar.

Metode for utarbeiding av plan
Naturmangfaldsplanen er forankra i kommunal planstrategi og finansiert gjennom tilskot frå Miljødirektoratet si Natursats-ordning. Etter anbodskonkurranse vart Miljøfaglig Utredning AS engasjert til å utarbeide kunnskapsgrunnlaget, medan supplerande kartleggingar vart gjennomførte i samarbeid med Dokkadeltaet Nasjonale Våtmarkssenter.
Arbeidet har vore samordna med revisjon av kommuneplanens arealdel for å sikre at naturverdiar blir integrerte i arealforvaltninga. Planprosessen har òg omfatta faglege arrangement og samarbeid med lag, organisasjonar, grunneigarar og fagmyndigheiter, og det er nytta digitale verktøy for samanstilling og formidling av kunnskapsgrunnlaget.

Kunnskapsgrunnlag
Planen byggjer på eit breitt og oppdatert kunnskapsgrunnlag i tråd med krava i naturmangfaldlova § 8 om kunnskapsbasert forvaltning. Grunnlaget omfattar naturtype- og artskartleggingar, inkludert terrestriske naturtypar, ferskvassmiljø, raudlista artar og økologiske samanhengar, samt statleg basiskartlegging i Utladalen.
I tillegg er data frå nasjonale databasar, regional vassforvaltning og relevante kommunale styringsdokument lagde til grunn. Samla gir dette eit tilstrekkeleg fundament for kommunal planlegging og sakshandsaming, samstundes som det blir peika på behov for vidare kartlegging og oppdatering der kunnskapen framleis er mangelfull.






Foto: Taryn Malkhassian, Ofredalselva. Stormen Jakob i 2024 forårsaka store endringer i elveløpet.


Kapittel 2

Naturmangfald i Årdal

Naturmangfald

For å kunne ta vare på naturmangfaldet me har, er det viktig at me forstår samspela i naturen og tek vare på alle delane. Det handlar ikkje berre om dei sjeldne artane, men òg om leveområda og samanhengen mellom ulike artar. I praktisk forvaltning er det særleg artsmangfald og naturtypemangfald som står i fokus, men ved å halde oppe variasjonen av naturtypar, landskap og geologi står me sterkare rusta til å ta vare på naturmangfaldet for framtida. Naturmangfald er summen av biologisk, landskapsmessig og geologisk mangfald. Alle dyr og plantar som lever i ulike geografiske område og i ulike økosystem, er ein del av naturmangfaldet.

- **Genetisk mangfald** omfattar variasjonen innanfor same art, som til dømes ulike genvariantar hos skogmus.
- **Artsmangfald handlar** om variasjonen av planter, dyr og andre organismar i eit område.
- **Naturtypemangfald** omfattar ulike naturtypar og leveområde i m.m. myr, elv, skog og kulturlandskap.
- **Landskapsmangfald** omfattar variasjon i ulike landskapstypar, som fjell, skog og fjord.
- **Geologisk mangfald** handlar om ulike bergartar, jordtypar, landformer og geologiske prosessar.



Figur: Figuren syner kva naturmangfald er. Dette omfattar landskapsmangfald, geologisk mangfald, naturtypemangfald, artsmangfald og genetisk mangfald. Illustrasjonen er inspirert av Nyhetsgrafikk. Kjelde: Meld. St. 14 Natur for livet

Hovudøkosystem i Årdal kommune



BEBYGD AREAL

5,4 km² – 0,6 % av arealet

Tallet omfattar all busetnad, konstruksjonar og opparbeidde areal, men fangar ikkje opp fragmenteringa av områda eller verknadene for naturmangfaldet av inngrep som vegar og kraftlinjer.



OPEN MYR

6 km² – 0,6 % av arealet

I våtmark finnes det myr, kjelder, flommark, elvedelta og annan oversvømt mark.

JORDBRUKSAREAL

2,3 km² – 0,2 % av arealet

Kulturlandskap er dyrka område, slåttemark, gamle kulturmarker og andre naturtypar i ope lågland.



SKOG

210 km² – 22 % av arealet

Skog er område der kronedekket (trekronene) er på minst 10 %, og der trea kan nå ei høgd på 5 meter.



Data på denne og neste side henta frå SSB.



BART FJELL, GRUS- OG BLOKKMARK

252 km² – 26 % av arealet

Område prega av bart fjell, steinur, grus, sand eller blokk-mark, utan samanhengande vegetasjonsdekke, typisk lokalisert over skoggrensa eller i bratte skråninger.



OPEN FASTMARK

440 km² – 45 % av arealet

Område med fjellheier, snøleier og rabber, eng eller anna naturleg vegetasjon, men utan trevekst av betydning.

FERSKVATN

49 km² – 5 % av arealet

Ferskvann dekker både selve det opne vannspeilet, inkludert innsjøer, elvar, bekkar, dammar og grunnvatn, samt vannmassen.





VARIG SNØ, IS OG BRE

12 km² – 1 % av arealet

Klassen omfattar område dekka av isbrear, permanente snøfonner og isfelt som ikkje smelter bort i løpet av ein normal sommar.

Data på denne og neste side henta frå SSB.

Kva har vi i Årdal?



Totalt landareal i Årdal: 971 km²

Figur: Syner prosentdelen av kvart økosystem i Årdal.



HAV OG KYST

977 km²

Hovudøkosystemet er hav og kyst, men her i Årdal har vi fjord. Fjordområdet omfattar òg strandsona og området mellom vatn og land.

Sjøområda, altså fjorden, kjem i tillegg til landområda definert tidlegare. Sjøområda i Årdal er like store som heile landarealet.

Om landskapsmangfaldet i Årdal

Årdal har eit landskap prega av skarpe kontrastar, frå djupe fjordar til høge fjell. Dette gir store variasjonar i klima og vegetasjon. Kommunen strekkjer seg frå den sørboreal vegetasjonssone med varmekjær vegetasjon langs fjorden og nede i hovuddalen, til den mellomalpine sona med mest stein og blokkmark oppe på fjelltoppane inn mot Hurrungane i nord. Mesteparten av Årdal ligg i svakt oseanisk klimaseksjon, med unntak av området rundt Naddvik. Dette inneber eit klima som er tydeleg påverka av nærleiken til kysten, men som også har innslag av innlandsklima. Vintrane er relativt milde samanlikna med meir kontinentale område, medan somrane ikkje blir ekstremt varme. Dei store høgdeskilnadene fører også til at nedbøren varierer mykje, da det kjem meir nedbør i høgda enn i låglandet. Nede ved fjorden er det gjerne under 700 mm. i året, medan det på fjelltoppane i Hurrungane kan kome over 2000 mm. Berggrunnen i kommunen varierer ein del, men består hovudsakleg av kalkfattig gneis. I tillegg finst fleire område med noko kalkrike bergartar, som amfibolitt i Utladalen og fjellområda rundt Hovden, samt fylitt langs Tyedalen og nordvest for Tyin. Langs Årdalsfjorden er det mykje dioritt, som i utgangspunktet oftast fører til kalkfattig vegetasjon. Tørt klima, bratt terreng og rasaktivitet fører til at det likevel kan vere ganske kalkkrevjande artar også her. I tillegg finst det store mengder skredmateriale i lier i dalføra og morenemassar i fjella, noko som kan gi opphav til rikare vegetasjon i enkelte område.

Kjelde: Kunnskapsgrunnlag kommunedelplan for naturmangfald-Miljøfagleg utredning

Verneområde og andre område med særskild vern

Seks verneområde i Årdal
estimert 190 km2 verna land = omtrent 20 % av kommunen sitt totale landareal.
→ det faktiske vernearealet er mykje større, men her er det rekna kun områda som ligg innafor kommunale grenser.

Kvitingsmorki naturreservat vart oppretta 17. desember 1999 som ein del av verneplanen for barskog i Vest-Noreg. Reservatet er eit av dei viktigaste skogvernområda i Årdal og består hovudsakleg av gammal furuskog og boreal lauvskog, med kalk- og lågurtfuruskog som trua naturtype.
I statsråd 12. desember 2025 vedtok Kongen å utvide reservatet. Med utvidinga er det totale vernearealet no 17 951 dekar (ca. 17,95 km²). Utvidinga knyter saman heile lia frå fjord til fjell og bind Kvitingsmorki saman med det nyetablerte Bermålsnosi naturreservat i Lærdal kommune, slik at dei to reservata utgjer ei samanhengjande verna fjordside på tvers av kommunegrensa.

Lykkja naturreservat vart etablert i 2023. Reservatet dekkjer eit område på ca. 1685 dekar like nord for Øvre Årdal. Det er frisk rik edellauvskog, boreal lauvskog og gråor-almeskog i reservatet, og formålet med vernet er å ta vare på eit område med trua, sjeldan og sårbar natur. Sidan reservatet er relativt nyetablert var det fyrst i 2025 at det vart heildekkande kartlagt etter NiN.

Eldegard naturminne og Vettesmork gård naturminne: to verna naturminner i Årdal, pga svært gamle og spesielle tre. I Eldegard gjeld det uvanleg storvaksne furutre, eit av dei alt var freda i 1932. I Vettismorki gjeld det viltvoksande graner som er meget få i Årdal. Eit tre var allereie freda i 1921. Områda til saman dekkar under 1 daa.

Utladalen landskapsvernområde som vart verna samstundes i 1980 og omfattar eit tilgrensande område i Årdal og Luster kommunar. Utladalen er ein dal med bratte fjellsider, store fossar, frodig vegetasjon og gamle setrar, og området er verna for å ta vare på det særprega landskapet og det biologiske mangfaldet.



Foto: Rigmor Øygarden

Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde

Jotunheimen og Utladalen
Jotunheimen nasjonalpark vart verna 05. desember 1980, saman med Utladalen landskapsvernområde.


Her finn du dei aller dei høgaste fjella i landet, og Jotunheimen har svært lange tradisjonar for tradisjonelt friluftsliv med fotturar, tinderangling, jakt og fiske. Delar av verneområdet er utan særlege tyngre tekniske inngrep og er definert som vernesoner i forvaltningsplanen. Område nærare tekniske anlegg som vegar og turisthytter opnar for meir bruk, i form av turisthtter med eit nett av merka stigar og løyper.

Landskapsvernområdet ligg på vestsida av Jotunheimen nasjonalpark, i kommunane Årdal og Luster. Den markante Utaladalen med sidedalane Skogadalen, Uradalen og Fleskedalen i aust og Stølsmaradalen og Gravdalen i vest viser det karakteristiske vestlandslandskapet med frodig vegetasjon i dalbotnen og steile fjellsider opp mot det karrige høgsjellet.

Kjende turistattraksjonar som Vettisfossen, Skogadalsbøen, Avdalen og Vetti trekker kvart år tusenvis av besøkande til kommunen. Som nasjonalparkkommune har Årdal eit særleg ansvar for å kanalisere ferdselen slik at dei mest sårbare naturområda vert skjerma, samstundes som besøkande får gode og trygge opplevingar. Kommunen samarbeider med Jotunheimen nasjonalparkstyre om besøksstrategi og ferdselsstyring i randsona til verneområda. Nasjonalparkstyre for Jotunheimen og Utladalen er forvaltingsmyndigheit og utarbeidar planar for områda.

Utviding av Jotunheimen nasjonalpark
Årdal kommune har gitt si tilslutning til at det blir gjennomført ei utgreiing av mogleg utviding av Jotunheimen nasjonalpark. Arbeidet er sett i gang av Statsforvaltaren i Vestland og Innlandet og omfattar mellom anna vurdering av nye verneområde samt mogleg endring av verneform for delar av Utladalen landskapsvernområde til nasjonalpark. Formålet med prosessen er å styrke vernet av verdifull natur og sikre eit heilskapleg vern av fjelløkosystema i området.

Årdal har status som nasjonalpark-kommune. Dette inneber både at kommunen får eit særskilt ansvar for å ta vare på verdiane i nasjonalparkane, men også at dei skal nytte denne statusen til lokal verdiskaping, næringsutvikling og gode opplevingar for besøkande, samt at dei får statleg hjelp til arbeidet via å vere i Norges Nasjonalparkkommuner.



Nettsida til Jotunheimen nasjonalpark



Kapittel 3

Naturtypar og artsmangfald

Torlifossen, Seimsdalen. Foto: Inger Johanne Berntsen.

Naturtypekartlegging


Naturtypekartlegging utgjer, saman med artar, eit sentralt fundament i naturmangfaldsforvaltninga. Dei er nemnde i viktige lover, mellom anna har naturmangfaldlova ein eigen føremålsparagraf om bevaring av dei, og kartlegging av dei går føre seg etter eit fastlagt, komplisert system. Naturtypekartlegging vert vanlegvis gjord etter ein fast metode (først ei vitskapleg inndeling etter fagsystemet NiN – Natur i Noreg) og deretter etter ei forvaltningstilpassa inndeling etter instruksen til Miljødirektoratet.

Forskrift om utvalde naturtypar etter naturmangfaldlova (2011) har som formål å «*ivareta mangfoldet av naturtyper innenfor deres naturlige utbredelsesområde og med det artsmangfoldet og de økologiske prosessene som kjennetegner den enkelte naturtype, jf. naturmangfoldloven § 4.*».

Det vart funne nærare 150 naturtypelokalitetar i Årdal i 2025, der semi-naturleg naturbeitemark og slåttemark, samt flaumskogsmark, var dei vanlegaste typane. I tillegg vart det gjort i underkant av 3000 artsfunn, fordelte på over 860 artar. Eit par hundre artar var nye for kommunen, der 11 var raudlisteartar. Samla vart det gjort nær 250 funn av raudlisteartar, fordelte på 55 artar.

Resultata viser at det har vore relativt enkelt å finne nye, verdifulle naturtypelokalitetar i Årdal, om enn ikkje av særleg høg verdi. Særleg er det grunn til å trekkje fram kulturlandskapet i Naddvik, men òg mellom anna flaumskogsmark i Utladalen, attgroande kulturmarkstypar i Fardalen og rasmarker i Seimsdalen. I tillegg vart tidlegare kjende indikasjonar på store naturverdiar knytte til varmekjær, tørr og gammal furuskog kring Indre Ofredal.

På bakgrunn av insektundersøkingane vert det tilrådd ytterlegare kartlegging av både gammal furuskog kring Indre Ofredal, rasmarkene i Seimsdalen og blottlagde grus- og sandmiljø i hovuddalføret. Vidare viser stadvis store mengder framande artar kring Årdalstangen behovet for effektiv nedkjemping før problemet vert for omfattande og kostnadskrevjande. Ut over dette tilrår Svang (2025) å utarbeide ein heilskapleg skjøtselsplan for kulturlandskapet i Naddvik.



Naturtypar i Årdal

Skog

Flomskogsmark (VU)
Skog langs elver og bekker som jamleg vert utsett for flaum, dominert av treslag som gråor og vier som toler periodevise oversvømmingar.

Åpen flomfastmark (NT)
Opne, flompåverka areal langs elver utan trekroning, gjerne med grus, sand og pionervegetasjon.

Gammel høgstaudegråorskog (LC)
Eldre gråordominert skog på frisk, næringsrik mark med høge urter som mjødurt og sløke i feltsjiktet.

Gammel lågurtselje-rogneskog (NT)
Eldre skog dominert av selje og rogn på moderat næringsrik mark med eit feltsjikt av låge urter.

Lågurtedellauvskog (VU)
Edellauvskog dominert av treslag som alm, lind eller hassel på næringsrik mark med låge urter i botnsjiktet.

Lågurtalm-lind-hasselskog (VU)
Ein undertype av edellauvskog med alm, lind og hassel på særleg næringsrik og varm mark.

Frisk lågurtedellauvskog (NT)
Edellauvskog på frisk, moderat næringsrik mark med eit variert feltsjikt av låge urter.

Høstingsskog (VU)
Skog som historisk har vore hausta gjennom styving, lauving eller beiting, og som ber preg av denne langvarige bruken.

Semi-naturlig mark

Semi-naturlig eng (CR)
Artsrik eng forma gjennom langvarig ekstensiv hevd som slått eller beiting, utan gjødsling eller oppdyrking.

Slåttemark (CR)
Ein type semi-naturleg eng som tradisjonelt har vore slått, med eit særleg rikt artsmangfald av urter og gras.

Lauveng (CR)
Eng med spreidde lauvtre, forma gjennom kombinasjon av beiting og tidlegare styving eller lauving av trea.

Naturbeitemark (VU)
Eng som har vore ekstensivt beita over lang tid utan gjødsling, og som har utvikla eit særeige artsmangfald.

Hagemark (VU)
Trerik beitemark med open struktur der beiting har haldt vegetasjonen nede og hindra attgroing.

Boreal hei (NT)
Opent lyngdominert landskap i låglandet eller liene, forma av beiting eller annan ekstensiv bruk over lang tid.

Semi-naturlig myr (VU)
Myr som har vore påverka av slått eller beiting, og som skil seg frå naturleg myr gjennom artssamansetninga.

Sørlig slåttemyr (EN)
Myr i sørlegare delar av landet som tradisjonelt har vore slått for fôr, og som har eit særeige plantesamfunn.

Semi-naturlig våteng (VU)
Fuktig eng i overgangssoner mot myr eller vassdrag, forma av langvarig ekstensiv hevd.

Områder kartlagt i 2025

Fardalen
I Fardalen vart det registrert totalt 19 lokalitetar fordelte på åtte ulike naturtypar. Dei fleste lokalitetane er semi-naturlege typar danna gjennom kulturhistorisk bruk (boreal hei, naturbeitemark, semi-naturleg myr m.fl.). I tillegg vart det registrert fleire rikare flaumskogsareal langs Fardalselvi.


Leitet i Seimsdalen
Leitet 1 og 2 er små (om lag eitt dekar) gråordominerte flaumskogsmarkslokalitetar med moderat tilstand og lite naturmangfald, utan registrerte raudlisteartar.

Sør for Åsete Indre Offerdal
Det vart funne éin raudlisteart – knerot (NT). Området består av ei veksling mellom fattig til svakt kalkrik fastmarksskogsmark. Generelt dominerer dei fattigaste skog- og myrtypane, og fastmarksskogsmark utgjer størstedelen av arealet. Fordelinga er anslått til om lag 70/30 mellom skog og myr, og om lag tilsvarande mellom fattige og rikare typar.

Kulturlandskapet rundt Ytre Offerdal
I Ytre Ofredal vart det i 2025 avgrensa to små lokalitetar med den sterkt truga naturtypen slåttemark (CR). Begge har stort potensial for rødlista insekter og beitemarkssopp. Det er eit stort sandtak i sørøstvendt li ved Ytre Ofredal som er eit heilt ukartlagt habitat med potensiale for varmekjære insekter.

Loi
Det vart registrert fem lokalitetar: to naturbeitemarker i sein attgroingssuksesjon (svært låg kvalitet), ei semi-naturleg eng (VU) og ei slåttemark (CR) med låg kvalitet grunna attgroing, samt gammal høgstaudegråorskog i ravina med moderat kvalitet. Skogen i ravina er påverka av kraftgate med kanteffektar og uttørking.

Årdalstangen
Det vart kartlagt 10 lokalitetar, der ni er semi-naturlege naturtypar med moderat til svært låg kvalitet grunna attgroing og opphøyrd bruk. Éin frisk lågurtedellauvskog med hasseldominans fekk moderat kvalitet. Det vart registrert 156 artsfunn (49 takson), der 43 er nye for området, inkludert ask (EN) og alm (EN).



Kart over naturtypar i Utladalen. Kjelde: Dokkadelta Våtmarksenter AS

Utladalen
Det ble gjort 124 artsobservasjoner fordelt på 48 ulike taksoner (per Artskart 04.12.25). Av disse er 14 arter nye for området. Av rødlistearter er det tidligere registrert alm (EN) stort sett over hele området, mens det under feltarbeidet ble registrert ask (EN) og almekullsopp (NT).

Naddvik
Det vart kartlagt 58 lokalitetar. Dei fleste, både i tal og areal, er semi-naturlege naturtypar, særleg slåttemark (CR), naturbeitemark (VU), hagemark (VU) og semi-naturleg eng (VU). Mange har moderat kvalitet grunna attgroing, men fleire er store og ligg nær kvarandre, noko som gir god konnektivitet og samla sett høge landskapsverdiar.

Landskapstypar

Jordbrukslandskapet i Årdal er forma gjennom langvarig samspel mellom menneskeleg bruk og naturlege prosessar. Tradisjonell drift med slått, beite, stølsdrift og vedhogst har gjennom fleire hundreår skapt eit variert landskap med opne enger, beitemark, lauvskog og mosaikkpregde overgangssoner mellom innmark og utmark. Desse områda representerer i dag viktige leveområde for ei rekkje plante- og dyreartar, og utgjer ein sentral del av kommunen sitt samla naturmangfald. Mange av artane som er knytte til kulturlandskapet er avhengige av kontinuerleg skjøtsel, og overgangssoner mellom open mark, skog og vassdrag gir særleg gode livsvilkår for fugl, insekt og småpattedyr. Samanhengande naturområde, grøn infrastruktur, er ein føresetnad for at artar skal overleve og tilpasse seg endringar over tid.

Grøne korridorar som kantsoner langs vassdrag, edellauvskogsdrag i lisider, myrkantar og strandenger reduserer fragmentering og gjev artar rom til å røre seg mellom leveområde. Kulturlandskapet spelar ei nøkkelrolle i dette biletet: dei opne engene, kantsonene og mosaikken mellom innmark og utmark fungerer som biologisk lim mellom jordbruksareal, skog og vassdrag. Tap av slik «kvardagsleg» natur er ein undervurdert trussel mot det samla naturmangfaldet, og vert stadig viktigare å ta vare på i møte med klimaendringar som tvingar artar til å forflytte seg. Endringar i landbruket dei siste tiåra har ført til redusert bruk av marginale jordbruksareal. Opphøyr av slått og beite fører mange stader til attgroing med kratt og skog, noko som gradvis reduserer dei opne landskapskvalitetane og fører til tap av artsmangfald, samstundes som det svekkjer dei grøne korridorane mellom naturtypar. Attgroing påverkar òg kulturhistoriske verdiar og landskapsoppleving.

Bevaring av det artsrike jordbrukslandskapet krev aktiv forvaltning, restaurering av attgrodde areal og tilpassing av arealbruk. Kommunen kan i arbeidet med arealdelen vurdere eit landskapsøkologisk perspektiv, der grøne korridorar og omsynssoner blir vurderte kartfeste. Kulturlandskapet legg samstundes grunnlaget for naturtypane som vert omtala vidare i planen, mellom anna kantvegetasjon, slåttemark og skogsmiljø.



Slåttemyr med jamn struktur i Fardalen. Foto: Hanne Alise Bolstad-Heien

Jordbrukslandskap

CR

Slåttemarker er hotspots for biologisk mangfald. Slåttemark er ei semi-naturlig eng med langvarig ekstensiv bruk gjennom regelmessig slått, ofte i kombinasjon med vår-/høstbeite. Den har ingen synlege fysiske spor etter pløying, tilsåing eller gjødsling. Artane er jamnt fordelt i enga med en artssammensetnad dominert av urter framfor gras. Slåttemarka har ofte et høyt artsmangfald, særleg av karplanter, sopp og insekter.
Den viktigaste påverknadsfaktoren er slått. Opphøyr av slått fører til at artsrike enger gror igjen med skog og kratt. Dersom det ikke vert utført anna type skjøtsel, vil engene gro igjen og erstattast av skog. Når engene vert beita over lang tid i standen for slått, vil dei miste slåttemarkspreget og gå over til naturbeitemark.

I Årdal er det i Naturbase registrert 21 slåttemarkar, 7 er lokalt viktige medan 14 har svært høg verdi og reknar som utvalde naturtypar (Naturbase, per 28.02.2025).

LC

Styvingstre er eit viktig innslag i jordbrukslandskapet i Heimre Utladalen og vitnar om tidlegare jordbruksdrift der greiner vart hausta som vinterfôr til husdyr. Treslag som alm, lind, selje og delvis bjørk vart regelmessig lauva eller risa, noko som gav trea den karakteristiske forma med korte stammar og fleire opprette greiner. Mange slike tre finst framleis i område som Hjellegaldane, Skåri og Avdalen, ofte langs gamle ferdselsvegar og i tilknyting til slåttemark og stølsmiljø.

Gamle styvingstre har stor biologisk verdi fordi dei kan bli svært gamle og utviklar hole stammar og død ved som gir leveområde for mange artar av sopp, lav, mose og insekt. Fleire raudlista artar er registrerte på styva almetre i Utladalen, og miljøa med styvingstre er rekna som viktige og delvis truga naturtypar knytte til tradisjonell landbruksdrift.
Kjelde: Fylkesmannen i Sogn Og Fjordane og Oppland

VU

Naturbeitemark er opne område som over lang tid har vore nytta til beite utan gjødsling eller oppdyrking. Slike område finst fleire stader i Utladalen, ofte i tilknyting til gardstun, stølar og tidlegare slåtteareal. Den langvarige og skånsame bruken har skapt eit variert og artsrikt feltsjikt med mange urter, gras og insektartar som er tilpassa beiting.
Naturbeitemark er ein viktig del av jordbrukslandsskapet og fungerer som leveområde for eit rikt biologisk mangfald. Samstundes er naturtypen avhengig av vidare beite eller skjøtsel for å halde seg open. Dersom bruken opphøyrer vil områda gradvis gro att med kratt og skog, noko som kan føre til tap av både landskapsverdiar og artar knytte til desse miljøa.



Foto: Bilete frå lokaliteten Briktgjerdet i Naddvik, teke av Tanaquil Enzensberger, 2022.

Furu- og lauvskog

Furuskog
Årdal har store og til dels undervurderte naturmangfaldverdiar knytte til furuskog, og kommunen har truleg nokre av dei viktigaste førekomstane i Vest-Noreg. Gamle furuskogar er særleg viktige fordi dei inneheld mykje daud ved og stabile leveområde for eit stort mangfald av artar med mellom anna insekt, sopp, lav og fuglar, og har godt utvikla mykorrhiza-nettverk som spelar ei viktig rolle i næringsomsetninga i skogen.

I Årdal finn ein høgareliggande furuskog med gamle levande og daude tre i Vettismorki, lågareliggande tørr og kalkrik furuskog med rikt mangfald av marklevande sopp, og soleksponert furuskog med daude tre som kan huse mange sjeldne insektartar, mellom anna niflekkpraktbille (EN), påvist berre i Årdal og Telemark i Noreg. Gamal, soleksponert og nyleg daud furu i rasmark mellom Indre og Ytre Ofredal er av særleg stor verdi og skal få stå i fred. Fluorutslepp frå industrien har ført til store skogskadar i delar av Utladalen, noko som gjer dei attverande furuskogane endå viktigare for naturmangfaldet i kommunen.


Lauvskog
Årdal har eit variert og dels verdifullt lauvskogsmangfald, særleg knytt til edellauvskog, flomskogsmark og gammal høgstaudeskog i dei nedre dalføra og langs fjordliene. Flomskogsmark (VU) langs Utla og Nysetelvi, lågurtedellauvskog (VU) og lågurtalm-lind-hasselskog (VU) i lisidene i Utladalen og mot Indre Offerdal er dei viktigaste typane.
Alm (EN) og ask (EN) er nøkkelartar i lauvskogen og er levestad for ein rekkje raudlista artar – mellom anna blådoggnål (VU), bleik kraterlav (VU), almekullsopp (NT) og almebroddsopp (VU). Styvingstrær av alm, lind og selje i Avdalen og Hjellegaldane representerer ein av dei mest intakte tradisjonane for lauvingsbruk i Noreg, og er levestad for fleire artar knytte til gamle hole tre. Hjortegnag er i dag den viktigaste trusselen mot alm og andre lauvskogsartar. Kunnskapsgrunnlaget om lauvskog er framleis mangelfullt utanfor dei kartlagde delområda. Særleg fjordliene mot Indre og Ytre Ofredal er lite undersøkte.



Innspel fra medverking
Lokalbefolkninga spelte inn at det er gammal furuskog på Seimsåsen der enkelttre er målt til over 500 år. Dette er gamalskogskvalitetar av høgaste orden og eit potensielt svært viktig leveområde for vedbuande insekt, sopp og lav.

Insekt

Områda som vart kartlagde i 2025 er merkte med raudt på kartet til høgre. Områda har varierande karakter og trekkjer til seg eit mangfald av insekt. Særleg sørvende og soleksponerte lokalitetar i Indre og Ytre Ofredal er interessante for vidare studiar. Insektundersøkingane er ikkje omfattande nok til å gje klare konklusjonar om kor store desse naturmangfaldsverdiane er i kommunen, eller kva for naturtypar og område som peikar seg ut som særleg viktige. Undersøkingane har likevel stadfesta at kommunen truleg har regionalt viktige (evt nasjonalt viktige) førekomstar av fleire artar med tilhøyrande miljøkrav.



Kart over insektkartleggingar i Årdal kommune, 2025.
Kjelde: Miljøfaglig utredning.

Fleire artsgruppar, inkludert insekter, er dårleg kartlagde i Årdal. Kartlegging av insekter krev spesialkompetanse, og insekter er generelt sett ei vanskeleg artsgruppe å kartlegge.
Per no er det funne 12 raudlista insektartar i Årdal, og nokre av dei er usikre. Dei er tilknytt spesiale miljø, som til dømes semi-naturleg eng, gamalskog, daude trær og generelt i tørre, varme og soleksponerte bakkar. Det er difor naudsynt å ta vare på naturtypelokalitetar for å sikre insektbestandene.

Døme på insekt

Mangfaldet av insekt i Årdal kommune er generelt dårleg kjent. Samstundes syner undersøkingar i andre kommunar i Indre Sogn at det stadvis er stort potensial for geografisk isolerte, interessante artar og/eller raudlista og truga artar. Det vart til dømes gjort eit svært overraskande funn av den sterkt truga furuskogsarten niflekkpraktbille (EN) ved Indre Ofredal i 2024 (sjå bilete).



Niflekkpraktbille Buprestis novemmaculata Indre Ofredal i 2025. Fyste funn på lokaliteten i 2024, elles påvist berre i Telemark i Norge. Arten krev gamal, tørr furuskog med en del dødt trevirke. Foto: Jørn R. Gustad.



Insekthol i hogd furu ved Indre Ofredal. Merk særleg det spissovale holet lengst til høgre, som ligg horisontalt. Dette er typisk for praktbiller, som niflekkpraktbilla. Foto: Geir Gaarder.

Det potensial for andre varmekjære og gammalskogstilknytte furuskogsartar i Indre Ofredal. Det er òg registrert fleire krevjande, varmekjære og delvis raudlista artar i opne miljø mot Ytre Ofredal. Rasmarksenger i Seimsdalen er leveområde for raudlista artar knytte til opne engsamfunn. I tillegg vart det gjort interessante funn i kulturbetinga, opne miljø i dalføret frå Årdalstangen til Øvre Årdal.



Foto: Storperikumbladbille, Nær truga. Bjarte Aadland i Indre Ofredal



Foto: hagtornsommerfugl, sterkt truga. Bjarte Aadland i Indre Ofredal



Foto: Mørk messingblomsterflue,sårbar. Bjarte Aadland i Indre Ofredal

Innspel fra medverking

Innbyggarar kan bidra aktivt til å ta vare på pollinatorar og insektmangfald i tettstadar og nærområde. Kommunen kan tilby gratis blomsterengfrø til innbyggjarar for bruk i hagar og nærmiljø som eit lav-terskel tiltak for auka insektmangfald i tettstadar. I tillegg kan kommunen sette opp bie-hotell og andre insektvennlege installasjonar på kommunale areal.



Fuglar

Kartlegging av fuglar
Tilgjengelege data syner at fuglefaunaen i Årdal er mangelfullt dokumentert. Det er registrert få artar i kulturlandskapet, mellom anna få funn av tårnseglar og stær, og lågt tal på skogsartar, med berre eitt registrert funn av tretåspett. Også i fjellet er talet på registrerte artar avgrensa. Få streifobservasjonar av sjeldne og raudlista artar indikerer låg registreringsaktivitet og eit svakt datagrunnlag.

Samtidig er det kjende førekomstar av artar av særleg forvaltningsinteresse, mellom anna myrhauk (EN), lappspurv (EN) og dobbeltbekkasin (NT). Spelplassar og hekkelokalitetar for truga artar, som til dømes jaktfalk, er sårbare og i liten grad systematisk kartlagde. Manglande registrering reduserer kommunen sitt høve til å ta omsyn til artane i arealforvaltninga.

Uvisse
I skogen er det nok minst uvisse for karplanter og fugl. For fugl hadde det likevel vore klart ønskjeleg med ei vurdering av førekomsten av arealkrevjande gamalskogsartar, både av spetter, skogshøns, hønehauk og ugler.

I fjellet er nok den forvaltningsretta uvissa vesentleg for både karplanter og fugl, men særleg stor for mosar. For fugl gjeld det m.a. sjeldsynte austlege artar av våtmarksfugl (som fjøreplytt og boltit) og sporvefugl (som lappsporv og fjellerke).



Jaktfalk OG ANDRE ROVFUGLAR

Jaktfalken (*Falco rusticolus*) er verdas største falk. Som rovfugl, på lik linje med andre rovdyr, har han ei viktig rolle i økosystemet. Rovfuglar bidreg til å regulere bestandane av smågnagarar og andre dyr, og kan samstundes avgrense spreiing av sjukdommar. Nokre artar tek òg del i naturen sitt eige renovasjonsarbeid ved å ete åtsel eller fiskeslo (BirdLife).

Talet på jaktfalk svingar naturleg med rypebestanden, sidan rypa er avgjerande for vellukka hekking (BirdLife). For å få oversikt over bestanden i Vestland, har BirdLife Hordaland i samarbeid med Statens naturoppsyn utarbeidd fleire årsrapportar. Prosjektleiar Agnar Målsnes har kartlagt bestanden i Årdal saman med lokal fuglekjennar Rolf Kjødnes. Jaktfalk har vore registrert i området over fleire år, men det er først dei siste åra at dei har funne 2 hekkande par. Sjølv om arten på landsbasis er vurdert som sårbar (VU), kan han lokalt i Årdal reknast som særleg utsett og truga.

VU



Foto: Jaktfalk ungar i reir. Biletet er teke av Rolf Kjødnes.



LC

Foto: Kongeørn. Bilete teke av Rolf Kjødnes.

Rolf Kjødnes har òg funne, og dokumentert, andre hekkande rovfugler i Årdal. Av omsyn til artene og for å unngå misbruk, blir ikkje lokasjonar delt. Rovfuglene omfattar bl.a. kongeørn (*Aquila chrysaetos*), havørn (*Haliaeetus albicilla*), tårnfalk (*Falco tinnunculus*), fjellvåk (*Buteo lagopus*), hønsehauk (*Astur gentilis*), jordugle (*Asio flammeus*), og av og til haukugle (*Surnia ulula*). Alle desse rovfuglane har si rolle i økosystemet i fjell- og fjordbygda vår.

Kongeørn trenger uforstyrrede hekkeplasser og store territorier og er derfor sårbar for oppdeling og reduksjon av leveområder. Inngrep som veibygging, bebyggelse, kraftledninger, vindparker og vassdragsreguleringer kan påvirke bestanden av kongeørn i Norge (Miljødirektoratet). Sjølv om kongeørn og enkelte andre rovfuglar er vurderte som livskraftige på nasjonalt nivå, gjeld ikkje dette nødvendigvis for Årdal, der fleire artar har små og sårbare bestandar. Difor er det behov for meir kartlegging og målretta tiltak for å sikre desse artane. For å ta vare på rovfuglane si viktige rolle i økosystemet, må vi arbeide aktivt for å verne leveområda deira og styrkje vilkåra for hekkande par.

Pattedyr

Basert på registrerte funn i artsdatabanken finst det eit variert pattedyrmangfald i Årdal kommune. Av større hjortedyr er elg, hjort og rådyr registrerte, i tillegg til villrein (Rangifer tarandus), som er vurdert som nær trua (NT). Av rovpattedyr er mellom anna rødrev, mår, grevling, røyskatt og snømus påviste, samt dei raudlista artane jerv (Gulo gulo), som er sterkt trua (EN), og gaupe (Lynx lynx), også sterkt trua (EN). Oter (Lutra lutra) er registrert langs vassdrag.



Småpattedyrfaunaen omfattar artar som lemen, markmus, klatremus, småskogmus og krattspissmus, medan hare (Lepus timidus) er vurdert som nær trua (NT). Det er òg registrert fleire flaggermusartar, mellom anna nordflaggermus (sårbar, VU), skimmelflaggermus (nær trua, NT), dvergflaggermus og vannflaggermus. Leveområde for flaggermus som gamle bygningar, hule tre og kantsoner langs vassdrag er særleg viktige å sikre i arealforvaltninga.

I fjord- og kystnære område er det registrert marine pattedyr som nise og steinkobbe. Samla viser dette at Årdal har eit breitt spekter av pattedyr frå fjord til høgfjell, inkludert fleire artar med forvaltningsmessig særleg ansvar.

Sjølv om registreringane viser eit variert artsmangfald, er kunnskapen om utbreiing, bestandsstatus og leveområde for fleire pattedyrartar framleis avgrensa. Dette gjeld særleg nattaktive artar som flaggermus og småpattedyr, som krev spesialiserte kartleggingsmetodar og systematisk overvaking over tid.

Manglande eller sporadisk kartlegging gjer at viktige leveområde kan vere underrapporterte i eksisterande databasar. Dette skaper usikkerheit i arealforvaltninga, særleg ved inngrep i skog, kulturlandskap og vassdragsnære område. Det er difor behov for vidare kartlegging og oppdatering av kunnskapsgrunnlaget for pattedyr i kommunen, slik at omsynet til artar med forvaltningsmessig ansvar kan ivaretakast betre.

Villrein *(Rangifer tarandus)*

Årdal har to leveområde for villrein som er innafor kommunens grense. Begge to er vurdert å ha middels kvalitet. Omgrepet middels kvalitet peikar på klassifisering av leveområda etter Kvalitetsnorm for villrein.

Det finst i dag ingen regional plan for villrein i dei to områda. Staten arbeider med korleis ikkje-nasjonale villreinområde skal få overordna planar. Fylkeskommunen har overordna ansvar for regionale planar for villrein, medan kommunen må ta omsyn til desse områda og ha gode grense mot dei i si arealplanlegging, samt i annan relevante myndigheitsutøving (Miljødirektoratet 2025).



Det eine området er Vest-Jotunheimen villreinområde, som omfattar fjellområda på mellom Årdalsfjorden og Lustrafjorden, samt vidare nord- og austover inn i Hurrungane og Jotunheimen, på austsida av Utladalen og sør til Tyin.

Det andre er Lærdal-Årdal villreinområde, som ligg sør for Årdalsfjorden og nord for Lærdal, og går austover mot Filefjell. Dei to områda møtast om lag der vegen mellom Tyin og Øvre Årdal går. Aust for desse villreinområda ligg eit større område der det er tamreindrift. Innvandring av tamrein frå Valdres er eit vesentleg trugsmål mot villreinen i Lærdal-Årdal villreinområde. Miljødirektoratet rår difor til at det blir laga tiltaksplan for området, sjølv om det har middels tilstand.

Villreinnemnda for Sogn og Fjordane er offentleg forvaltingsorgan for begge områda. Villreinutvala er samarbeidsorgan for grunneigarar og rettshavarar. Kommunen hentar inn råd frå nemnd og utval i saker som gjeld fjellet.

Gjennom året vil det vere ulike prioriteringsområde av omsyn til villrein. Om våren styrer snøtilhøva kvar villreinen rører seg. Beiteområda ligg typisk i bjørkeskog og lågalpin sone, der snøen smeltar tidleg. Om sommaren og hausten blir alle tilgjengelege område brukte til beite, men dyra held seg til fjells, borte frå folk. Fjella har stor variasjon og mange snøleie som gir friske plantar å beite på heile sommaren. Om vinteren blir mesteparten av området brukt til beite, men reinen held seg gjerne høgt oppe, der vinden fjernar snøen og gir tilgang til lav. I tillegg til beiteområda er det trekkpassasjar som må takast omsyn til heile året. Villrein er arealkrevjande og sky for menneske. Difor må ein også vurdere tiltak utanfor leveområdet som aukar ferdsla inn i det, til dømes fritidsbustader.

Kvifor er reinen så viktig for oss?

Ein nøkkelart - viktig for flora og fauna

Når fjellområda blir haldne saman, får både villrein, andre dyr og plantar betre vilkår. Beitinga held buskar nede og gir rom for små plantar, noko som styrkjer vegetasjonen. Som nøkkelart formar han økosystemet og legg til rette for andre artar i fjellet som er avhengige av villreinen (NINA).

Ein ansvarsart - internasjonalt ansvar


Villrein er delt i fleire underartar. I Sør-Noreg finst vill tundrarein. Ein reknar med at over 90 % av den attverande vill tundrareinen finst i Noreg (Norsk Villreinsenter), og dermed har landet eit særleg internasjonalt ansvar vi ikkje kan byggje oss rundt (Regjeringa).

Ein kulturart - han er ein del av oss

Villreinen har gjennom hundreåra forma livsgrunnlaget, tradisjonane og identiteten vår (Norsk Villreinsenter). Forsvinn villreinen, forsvinn ein del av oss.



Foto: Anders Mossing, Norsk Villreinsenter



Kart: Villreinområda i Årdal kommune. Siste minimumsteljing i viser 273 vinterdyr i Vest-Jotunheimen. Målet er 400 vinterdyr. I Lærdal-Årdal villreinområda viser siste minimumsteljing 204 vinterdyr, mens målet er 350-400 vinterdyr (tal henta frå nyaste bestandsplanar).

Kva er kommunen sitt ansvar?

Kommunen er den viktigaste arealforvaltaren for å ta vare på villreinen, og det krev stor innsats dersom ein skal lukkast. I 2022–23 vart halvparten av dei norske villreinområda vurderte til å ha dårleg tilstand. Begge villreinområda i Årdal vart vurderte som middels tilstand, men ikkje gode (Norsk Villreinsenter). Det er difor avgjerande at villrein-interessene får tilstrekkeleg merksemd og sikring i kommunedelplanen for naturmangfald. Ei slik satsing kan bidra til å snu den negative utviklinga for villreinen, særleg med tanke på kraftutbygging og vindturbinar (NINA).

Andre utvalgte pattedyr

LC **Elg** (Alces alces)


Kunnskapsgrunnlaget om elgebestanden i Årdal er for dårleg, men at den er liten er godt kjend. Det er ikkje like gode rutinar i høve teljing eller registrering av elg i Årdal som det er for hjort og villrein. Det er felt under 5 dyr kvart år sida 2014. I perioden 2016-2024 er det registrert 142 observasjonar av elg, mot over 12 000 for hjort (tal henta frå bestandsplan for hjortevilt i Årdal kommune, 2025-2027).

LC **Rådyr** (Capreolus capreolus)

Det er registrert rådyr i Seimsdalen, på Hæreid, i Fardalen og Utladalen, med registrert auke i bestanden i desse områda. Det er periodevis svingningar i forhold til snømengder og rovdyr (td: gaupe). Det vart i 2019 åpna for forsiktig jakt, da rådyrbestanden begynte å auke igjen. Det er felt 18 rådyr i tillegg til 5 tilfelle med påkøyring i perioden 2022-2024 (tal henta frå bestandsplan for hjortevilt i Årdal kommune, 2025-2027).

LC **Grevling** (Meles meles)

Grevling er lett gjenkjennelig med sitt kvite og svarte striper på hovudet. Den er tilpasningsdyktig og kan leve i ulike naturtyper. Det er en myte at den biter til det knaser, men det stemmer ikkje. Grevling var sist registrert i Årdal i 2023.



LC

Hjort *(Cervus elaphus)*

Hjort har i fleire tusen år vore utbreidd på Vestlandet, og er dermed heilt klart ein stadeigen art for Årdal. Bestanden i Noreg var sterkt redusert og fragmentert for 100-150 år sidan, og arten var då nasjonalt trua. Bestanden voks sakte i lang tid i førre hundreår, men etter 1990 har den auka kraftig. Hjort kan bli rekna som ein problemart som trugar anna naturmangfald. Dette gjeld spesielt i forhold til alm, der borkgnag om vinteren drep både tree og artsmangfald knytt til det. I tillegg er det store beiteskadar på innmark, og dermed reknast hjorten som skadedyr i landbruket.



Foto: CC BY 4.0 Rolv Lundheim

Det vert utarbeidda ein bestandsplan for hjortevilt i Årdal kvart 3. år. Nyaste plan gjeld i perioden 2025-2027. Sida 2010 har det vorte merka totalt 5 dyr, og vandringane deira vert registrert. Alle dyr som er sett av jegere under jakten skal registrerast i programvaren *Sett og skutt*. I 2019 kom det krav frå Miljødirektoratet om å halvere bestanden i forhold til 2016, dette av omsyn til villrein og spreiing av skrantesjuka. I denne perioden er det gitt løyve for eit årleg kvote på omtrent 300 dyr, fordelt på kjønn og alder. Ein forventer å ta ut 225-250 dyr i året.

Kalv og ungdyr skal samla sett utgjere minimum 65 % av felte dyr, da målet er å regulere bestanden utan å påføre store endringar i kjønns- og aldersstruktur. Ansvarlege for bestandsplanen opplev at valdansvarlege og jegerar er lojale til planen og levera på måltal slik som dei skal.

Hjortebestanden i Årdal er stor og robust.

⚠ Det var også påkøyrt 16 hjort i siste planperiode 2022-2024 i Årdal.

CWD, fluorskadar og hjortedyr

På grunn av fare for spreiing av skrantesjuke (chronic wasting disease, CWD) hjå hjortevilt har kommunen fått føringar frå Mattilsynet og Miljødirektoratet om å redusere tettheita av hjortevilt i kommunar som grensar til eller ligg nær Nordfjella og Hardangervidda. Dette fordi sjukdomen smitter lett over til villrein og er dødeleg.

Det vert samla inn kjevar og registrert vekt på felte dyr til måling av fluor, vekt, kondisjon og alder- og kjønnsfordeling. Kjeveinnsamlinga gjeld hjort, elg og rådyr, og vert organisert av Veterinærinstituttet og NINA. I tillegg er det teke prøver til CWD frå omtrent alle felte dyr i Årdal. Veterinærinstituttet har ansvar for prosjektet. Alle CWD-prøvane var negative. Når det gjeld fluorskadar på hjort, viser resultata at dette framleis er eit problem, spesielt blant dyr som er tettast Årdal metallverk.





Rovdyr

Det er fem store rovdyr i Noreg, bjørn, ulv, gaupe, jerv og kongeørn. Brunbjørnen (*Ursus arctos*) er altetande – mest planter, bær, urter og maur, men også kadaver, smågnagarar og av og til rein- og elgkalvar (Artsdatabanken). Rovdyra, til dømes bjørn, ulv, gaupe og jerv vandrar over store avstandar og forstår ikkje menneskeskapte grenser mellom kommunar eller land. Alle desse artane står på raudlista. Bjørn, ulv, gaupe og jerv som sterkt truga (EN) og treng difor særleg omsyn. Som topp-predatorar har rovdyra ei avgjerande rolle i naturen. Dei regulerer byttedyr som hjortevilt, hindrar overbeiting og tek ut sjuke og svake individ. Låge rovdyrbestandar fører til fleire hjortevilt, noko som kan skade skog, i tillegg til auka flått og hjortelusfluer. Rovdyra bidreg òg til nedbryting og næringstilgang ved å ete kadaver. Til saman held dei økosystema i balanse og fremjar eit rikt og variert naturmangfald (Sabima).

Årdal ligg i region 1, der beitedyr har prioritet i rovviltforvaltninga. Det betyr at terskelen for lisensfelling er lågare her enn i rovdyrprioriterte område. Samstundes er gaupe og jerv raudlista artar som er ein del av det same naturmangfaldet kommunen har sett seg som mål å ta vare på.

EN

Visste du at?

Det må ha vore mykje bjørn i Årdal. Her er eit historisk utdrag frå Digitalt museum:

“Tindebestigaren William Cecil Slingsby fortel at budeiene på fjellgarden Vormeli i Jotunheimen måtte bruka lur, gevær og ei lita kanon for å halda bjørnen unna. Rundt 1820 vart det hevda at det var ingen stad i Noregs land det var så mykje bjørn som i Vormeli. Dei snakka om bjørneflokkar, og dei som budde på Vormeli levde mest av kjærleik og bjørnekjøt.”

Kjelde: Digitalt museum



Utvalde rovdyr og beitebruk

Om rovdyrpolitikken og kulturlandskapet i Årdal

Noreg har ei todelt målsetting i rovviltforliket: å sikre ei berekraftig forvaltning av rovviltet, samstundes som ein tek omsyn til næringsutøving og reduserer skadar på husdyr og tamrein. For å dempe konfliktnivået deler rovviltnemndene landet inn i område der rovdyr har prioritet og område der beitedyr har prioritet. Årdal ligg i region 1, som omfattar Vest-Agder, Rogaland og Vestlandet – ein region prioritert for beitedyr. Det er difor ikkje fastsette nasjonale ynglemål for jerv, gaupe, bjørn eller ulv her, og rovviltnemnda kan opne for lisensfelling når bestandsmålet er oppnådd eller regionen ikkje har mål om yngling.

Beitebruk i utmark er ein viktig føresetnad for å halde kulturlandskapet ope, og beitedyr bidreg til å hindre attgroing og oppretthalde leveområde for mange artar knytte til semi-naturlege naturtypar. Endringar i beitebruk, mellom anna som følgje av rovdyrførekomst, kan over tid påverke bruken av utmarksareal og utviklinga av kulturlandskapet i kommunen.

EN Gaupe (Lynx lynx)

Gaupe er det einaste ville kattedyret i Noreg. Arten lever hovudsakeleg i skogsområde over store deler av landet, og dei tettaste bestandene er i Midt-Norge og på Austlandet. Arten har status som sterkt trua på Norsk rødliste for artar 2021. Likevel har den norske bestanden auka dei siste åra, men 91 familiegruppar registrer i vinteren 2025-2026 (rovdata.no). Det er observert gaupe med ungar i Årdal det siste året, i Ofredalen og i Seimsdalen (rovbase.no).



Foto: John Linnell

EN Jerv (Gulo gulo)

I Vest-Jotunheimen og Utladalen finst det jerv. Jerven er det største medlemmet av mårfamilien i Noreg, men er likevel ikkje mykje større enn ein grevling. Arten er klassifisert som sterkt trua på Norsk rødliste for artar 2021.
Jerv har 162 observasjonar i kommunen og kan truleg forplante seg her. Dette gjer det tydeleg at jerv er ein reel, fast del av naturen i Årdal, ikkje berre eit streifdyr. Til trass for dette, er bestandmålet i Årdal satt til null, etter Stortinget har fastsett eit nasjonalt bestandsmål på 39 årlege valpekull av jerv i Noreg. Overvakinga for 2025 viser ein større bestand.



Foto: CC BY 4.0 Roy Andersen

Vassmiljø

Vassdragsnaturen i Årdal
Vassdraga i Årdal, mellom anna Utla med sideelvar, Årdalsvatnet og tilhøyrande bekkesystem, utgjer viktige økologiske samanhengar mellom fjell, dal og fjord. Vassdragsnaturen har stor verdi som leveområde for fisk, ferskvassartar og kantvegetasjon, og er samtidig sentrale for landskap, friluftsliv og naturbasert risikodemping.
Vassmiljøet er påverka av mellom anna kraftregulering, inngrep og endra hydrologiske forhold. Forvaltninga skal bidra til god økologisk tilstand i tråd med regional vassforvaltningsplan, der omsynet til kantsoner, naturlege flaumområde og vassmiljø blir integrert i planlegging og drift.

Kjelde: Marint Vern Sognefjorden

Sognefjorden
Fjorden er eit marint økosystem med høg naturverdi, prega av store variasjonar i djupn, salthald og botnforhold frå grunne fjordarmar til djupe basseng. Som verdas djupaste isfrie fjord gir det undersjøiske landskapet grunnlag for eit rikt mangfald av marine organismar og komplekse næringsnett basert på planteplankton og bunndyr.
Kartleggingar knytt til arbeidet med marint vern har dokumentert viktige naturtypar som sjøfjærbotn med hanefot, svamphagar og artsrike grunne område med mellom anna pipereinsar og andre virvellause dyr. Desse områda fungerer som viktige leve-, oppvekst- og næringsområde for ei rekkje marine artar, og omfattar både botnbusette og pelagiske organismar som spelar ei sentral rolle i økosystemet. Fleire av naturtypane er sårbare for inngrep og miljøendringar, særleg i overgangssoner mellom strand og fjordbotn som har stor økologisk funksjon gjennom livssyklusen til mange artar.



Hanefot er den vanlegaste sjøfjærarten i Sognefjorden, og er dokumentert på stasjonar gjennom heile fjordsystemet. Sjøfjær veks oppreist frå blautbonn og skapar eit tredimensjonalt habitat som gjev skjul og oppvekstplass for fisk, krepsdyr og botndyr. Sjøfjærbunn er ein sårbar naturtype som er vanskeleg å restaurere når han først er øydelagd av til dømes botntrål eller ankring. Bilete: Havforskingsinstituttet.



Svamphagar er område med spesielt høg tettleik av svampar, noko vi finner på hardbonn langs fjordveggane i Sognefjorden, på djup mellom 200 og 600 meter. Dei vifteforma svampane filtrerer store mengder vatn og er ein nøkkelart i djupvasøkosystemet. Dei reinskar vatnet, produserer oksygen og gjev levestad for ei rekkje artar som ikkje finst andre stader. Svamphagar veks svært seint og er difor særleg sårbare for fysiske inngrep. Bilete: Havforskingsinstituttet.




Vassdrag

Tre verna vassdrag har delar av nedbørfelta i Årdal kommune, men alle vert delt med nabokommunar. Øvre delar av nedbørfeltet til Smeddøla kjem fleire stader i søraust så vidt inn i Årdal. Dette drenerer ut i Lærdalsvassdraget, og vart varig verna gjennom verneplan I for vassdrag i 1973 (Industridepartementet 1973). Det vassdraget som har mest areal i Årdal er Utla. Det meste av vassdraget ligg likevel i Luster kommune, og det er berre dei sørlege delane av verneområdet som ligg i Årdal. Nedre delar av Utlavassdraget, frå der Hjelledøla kjem ut, er ikkje verna. Det siste vassdraget er Feigedalselvi, der eit lite parti kjem innanfor kommunegrensa rundt Falkanosi i nordvest. Begge desse vassdraga vart verna gjennom verneplan III i 1986. Vernet gjeld såleis mot vidare kraftutbygging.

I tillegg skal arealforvaltninga i verna vassdrag følgje Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag (RPR). Retningslinjene gjeld for vassdragsbeltet, det vil seie hovudelv, sideelvar, større bekkar, sjøar og tjern og eit område på inntil 100 meter langs sidene av desse, og kan sikrast gjennom føresegner eller omsynssone i arealplanane.

Etter den 2. verdskrigen vart store delar av Utladalsvassdraget regulert for å skaffe elektrisk kraft til aluminiumsverket i Årdal. Elvane i Gravdalen, Raudalen, Skogadalen, Uradalen og Fleskedalen er overført gjennom tunnelar om Koldedalsvatnet til Tyin. Kyrkjevatnet (1352 m.o.h.) like utafor verneområda er med i same vassdragsreguleringa.



Oversyn over verna vassdrag i og inntil Årdal kommune. Henta frå NVE si kartteneste (https://temakart.nve.no/tema/verneplanforvassdrag).

Innspel fra medverking

Manglande eller utilstrekkeleg minstevassføring er ein undervurdert trussel mot biologisk mangfald i fleire av dei regulerte vassdragane i kommunen, etter innspel fra innbyggarane. Regulering påverkar m.a. flomskogsmark, botndyrsamfunn og fisk, og kan være årsaka til at ei rekkje vasslokalitetar har dårlegare økologisk tilstand enn venta. Kommunen kan samarbeid med NVE og Statsforvaltaren kartlegge kva vassdrag som er særleg berørte, og fremje krav om revisjon av konsesjonsvilkår der nødvendig

Livet i fjorden

Anadrom laksefisk i Sognefjorden
Sognefjorden har bestandar av sjøvandrande (anadrome) laks (Salmo salar) og aure (Salmo trutta). Sjøauren held seg hovudsakleg i fjordområde nær elva han vaks opp i, medan laksen vandrar ut gjennom heile Sognefjorden og vidare til ope hav. Villaksen i Noreg er i 2025 på eit historisk lågt nivå, og er klassifisert som nær truga (NT) på raudlista. I Årdal vart pukkellaks observert i 2017, og laksen er i dårleg tilstand frå andre påverkningsfaktorar allereie. Bestandane av sjøaure har òg gått kraftig tilbake, og mindre enn ein fjerdedel av bestandane i Noreg hadde god eller svært god tilstand i 2021. Situasjonen er særleg dårleg i Vestland og Møre og Romsdal.

Kjelder: Konsekvensutredning Akvaplan Niva og Artsdatabanken

Sjøpattedyr
Både sel og fleire kvalartar er observerte i Sognefjorden. Det er registrert koloniar av steinkobbe (Phoca vitulina), samt delfinarten kvitskjeving (springar, Lagenorhynchus acutus), nise (Phocoena phocoena) og spekkhoggar (Orcinus orca). Bestanden av steinkobbe i indre del av Sognefjorden har gått ned frå 119 til 30 individ i perioden 2014 til 2018.


Sjøfugl
Det er gjennomført noke kartlegging av sjøfugl i Sognefjorden og i Årdal, men kunnskapen om utbreiing og bestandsstorleik er avgrensa. Mellom dei artane som er registrerte finn ein måsefuglar som fiskemåse (Larus canus), gråmåse (Larus argentatus) og hettemåse (Chroicocephalus ridibundus), samt andre artar knytte til det marine miljøet, som laksand (Mergus merganser), storlom (Gavia arctica) og stokkand (Anas platyrhynchos). Fleire av desse artane er trua.

Visste du at?

Den tre år gamle spekkhoggaren Elida blei funnen død i Sognefjorden i 2021 med rekordhøge nivå av miljøgiftene PCB og PBDE, meir enn ti gongar høgare enn det som blir rekna som skadeleg, og blant dei høgaste målt internasjonalt. Stoffa har vore forbodne sidan 1980- og 2000-talet, men brytes ikkje ned i miljøet og hoppar seg opp i næringskjeda. Funnet utløyste eit nytt overvakingsprogram der forskarar frå Havforskingsinstituttet, UiT og Norwegian Orca Survey sidan 2023 har samla biopsiprøver frå levande spekkhoggerar langs vestlandskysten. I mai 2025 vart to individ merkte med satellittsendarar i same område for å kartlegge helsetilstanden i bestanden vidare.



Kantvegetasjon



Kantvegetasjon er den naturlege vegen av urter, blomar, buskar og tre langs elvar, bekker, innsjøar og dammar. Sonen strekkjer seg frå vatnet og opp til ei høgd der planta og jord ikkje er truga av flaum. Denne vegetasjonssonen er ikkje berre dekor, men ein livsnødvendig funksjon. Han bidrar til å dempe avrenning av jord og næringsstoffar, tilbyr habitat for mange artar, og stabiliserer breidda mot erosjon (Miljødirektoratet).

Gjennom vassressurslova § 11 er det krav om eit naturleg vegetasjonsbelte langs alle vassdrag med årssikker vassføring. Beltet skal verne kantvegetasjonen og sikre funksjonar som erosjonsvern, leveområde og filter mot forureining (SABICAS). Breidda varierer med terreng og økologiske omsyn. I 2025 lanserte NVE, Miljødirektoratet og Landbruksdirektoratet i samarbeid med NIBIO og Statsforvaltaren ein ny rettleiar. Målet er å styrkje skjøtsel i kantsonen, slik at økologiske verdiar blir ivaretekne, og drivar vidare det overordna lovverket i kommunane.

Kantvegetasjon skal difor innarbeidast i denne planen for naturmangfald etter NVE sin rettleiar og plan- og bygningslova, for å sikre økologiske funksjonar og berekraftig arealforvaltning. Inngrep frå grunneigar, kommune eller andre krev dispensasjon frå Statsforvaltaren, i særlege tilfelle.

Kvifor skal vi bry oss om kantvegetasjon?

MEIRE LIV

Kantvegetasjon er ein livsnerve i økosystemet langs vassdrag. Han gir skjul og hekkeplassar til fuglar, leveområde for insekt og smådyr, og er ei uunnverleg matkjelda for fisk og amfibium. Utan kantsoner mistar mange artar både bustad og næring, og naturen rundt vassdraget blir fattigare (Sabima).

FLAUMDEMPAR & FILTRERING

Vegetasjon og røter held jorda på plass ved bredda, motverkar utskuring og flomskadar, og fungerer som filter for næringssalter og finpartiklar frå overflateavrenning (NIBIO).

TEMPERATUR OG SKJUL

Vegetasjon langs vatnet dempar sommar-temperaturar, hindrar algevekst og gir leveområde for fisk, og andre dyr som bl.a. elvemusling. Røter og greinverk tilbyr også trygg habitat for bl.a. ungfisk (SABICAS).

Forvaltning og tiltak

Indre Sogn vassområde
Årdal er ein del av Indre Sogn vassområde, der kommunane samarbeider for å nå måla i vassforskrifta om god økologisk og kjemisk tilstand. Gjennom systematisk overvaking, kunnskapsinnhenting og planlegging av tiltak arbeider vassområdet for å redusere påverknad frå avløp, landbruk, industri og andre inngrep. Overvakinga omfattar prøvetaking av vatn, sediment og botndyr, og vurdering av mellom anna artsmangfald, oksygenforhold og nivå av miljøgifter.
Sjølv om delar av Årdalsfjorden har vist betring, er fjorden framleis sårbar. Det er derfor viktig med vidare overvaking og målretta tiltak for å sikre ein stabil og god miljøtilstand, og for å ta vare på naturmangfaldet i fjorden og dei tilhøyrande vassdraga i åra som kjem.

Innspel fra medverking
Dumping av sprengmassar og anna fyllmasse i Årdalsfjorden vart peika ut av innbyggjarar som ein direkte trussel mot marine naturverdiar. Kommunen skal krevje konsekvensutgreiing for naturmangfald ved alle tiltak som involverer dumping, utfylling eller sprengingsarbeid i eller nær fjorden.

Forureining i Årdalsfjorden
Årdalsfjorden har over lang tid vore påverka av industriaktivitet i Årdal. Undersøkingar har vist høge nivå av miljøgifter, særleg PAH, i botnsedimenta i den indre delen av fjorden. Dette har påverka livet på botnen og den økologiske tilstanden i delar av fjorden. Samstundes viser målingar at situasjonen har blitt betre over tid, og nivåa av forureining har gått ned. Dette tyder på at tiltak og strengare reguleringar har hatt effekt.

Endringar i fjordane
Fjordane i vassområdet er generelt prega av ein kombinasjon av naturlege prosessar og menneskeleg påverknad. Det er dokumenterte endringar i oksygenforhold og teikn til eutrofiering i delar av fjordsystemet, noko som kan ha samanheng med klimaendringar og tilførsel av organisk materiale. Dette har relevans også for Årdalsfjorden, som ein del av det større Sognefjordsystemet, og viser at utviklinga må følgjast nøye over tid.

Marint vern av Sognefjorden

Miljødirektoratet gav Statsforvaltaren i Vestland oppdrag om å starte verneplanprosess for Sognefjord i 2022. Dette er eitt av 36 område i landet som vart føreslege til marint vern, basert på stortingsmelding nr 29 (2020–2021) Heilskapleg nasjonal plan for bevaring. Områda vart også valt ut for å vere relativt lite påverka og for å kunne tene som referanseområde for forsking og overvaking. Sognefjorden er ein kandidat som kan representere dei finaste og mest særeigna undersjøiske naturområda vi har i landet.





Kapittel 4


Truslar og påverkand


Foto: Inger Johanne Berntsen

Inngrepsfri natur

Kva er inngrepsfri natur?
Inngrepsfri natur er område som ligg minst éin kilometer frå større tekniske inngrep som vegar, kraftanlegg og annan infrastruktur.
Villmarksprega natur er område som ligg meir enn fem kilometer frå slike inngrep.

Kvifor er dette viktig?
Nedbygging og oppdeling av leveområde er den viktigaste årsaka til tap av naturmangfald. Store, samanhengande naturområde gir levevilkår for artar som er avhengige av urørt natur og som er sårbare for støy og menneskeleg aktivitet. Områda har òg stor verdi for landskap, friluftsliv og opplevd naturkvalitet.





Figur viser utviklinga i inngrepsfrie naturområde frå 1988 til 2023. Sjølv om ein liten andel av landarealet (0,6 prosent) er klassifisert som «bebygd», er areala likevel sterkt fragmenterte, noko som ikkje kjem fram i statistikken.

Status
Årdal har ein del areal som kallast for inngrepsfrie naturområde (INON) 1 km eller meir unna tyngre tekniske inngrep. Dette inkluderer også to større område mot Luster i nord, der det til og med kjem inn litt areal med såkalla villmarksprega område, som ligg minst 5 km unna tyngre tekniske inngrep. Det aller meste av dette arealet ligg på snaufjellet, og er samtidig viktige leveområde for villrein, sjå nærare omtale av denne. Samtidig er det grunn til å merkje seg ein liten flekk ned mot Lustrafjorden, nær kommunegrensa til Luster. Det er svært sjeldsynt i Sør-Noreg med skogareal som hamnar inn under denne kategorien, og dette vitnar om at parti langs fjorden her inneheld nokre av dei største inngrepsfrie fjordlandskapa vi har på Vestlandet. Frå 1988 til 2018 har det positivt nok berre vore nokre små reduksjonar av slik natur, sjå figur. Vassdragsutbygging i Ytre Offerdal kjem likevel til å endre nokså vesentleg på dette.

Truslar mot mangfaldet

Naturmangfaldet i kommunen er utsett for fleire typar arealpress og fysiske inngrep som kan føre til tap og forringing av viktige naturtypar. Desse påverknadsfaktorane verkar ofte samla og må vurderast i kommunal planlegging, arealforvaltning og drift. Dette er dei største utfordringane for naturen i Årdal.

Arealendringar
Utbygging av vegar, tekniske anlegg, kraftinfrastruktur og andre tiltak kan gi direkte nedbygging av natur, fragmentering av leveområde og svekking av økologiske samanhengar. Særleg sårbare er naturtypar knytte til vassdrag og flomsoner, der inngrep kan endre naturlege hydrologiske prosessar og føre til varig tap av økologiske funksjonar. Slike endringar kan ha konsekvensar langt utover sjølve inngrepsområdet og bidra til samla belastning på økosystema.

Attgroing
Attgroing er ein trussel som følgje av redusert eller opphøyrt tradisjonell bruk av kulturlandskapet. Semi-naturlige engar som slåttemark og naturbeitemark er avhengige av regelmessig skjøtsel for å oppretthalde artsmangfaldet. Når slått og beite opphøyrer, blir desse områda gradvis meir skogkledde, og lyskrevjande og kravfulle artar forsvinn. Dette fører til tap av nokre av dei mest artsrike naturtypane og reduserer både biologisk mangfald og kulturhistoriske verdiar knytte til landskapet. Attgroing fører til mindre snødekke og meir lokal oppvarming som igjen fører til meir skogvekst, dette forsterkar klimaendringane lokalt.

Overhausting / underhausting
Uttak av artar og biologiske ressursar gjennom mellom anna fiske, jakt, hogst og innsamling kan true naturmangfaldet dersom uttaket er større enn det artane og økosystema toler over tid. Overhausting kan redusere bestandar, endre artssamansetjinga og svekkje viktige økologiske funksjonar, og kjem ofte i tillegg til andre truslar som arealendringar og klimaendringar.
Beitedyr har ei tosidig rolle: tilpassa beite held kulturlandskap og opne naturtypar i hevd og er ein føresetnad for mange artar, medan for hardt beite kan slite ned vegetasjonen, og manglande beite kan gje attgroing. Rett beitetrykk er difor viktig for naturmangfaldet.



Forureining
Forureining kan påverke naturmangfaldet negativt gjennom avrenning, utslepp og tilførsel av framande stoff til jord, grunnvatn, vassdrag og fjord. Særleg sårbare er vassdragsnære naturtypar og marine miljø, der forureining kan redusere vasskvalitet og skade leveområde for plantar og dyr. Førebygging av forureining og god handtering av utslepp er viktig for å ta vare på naturmangfaldet i kommunen. Jamnleg prøvetaking og miljøovervaking er viktig for å følgje utviklinga og avdekkje eventuell påverknad frå uorganiske stoff i naturmiljøet.

Lys- og støyforureining
Auka bruk av kunstig belysning påverkar naturlege døgnrytmar hjå insekt, fugl og pattedyr. Lys kan endre trekkmønster, næringssøk og reproduksjon, og bidra til redusert insektmangfald i tettstadsnære område.
Støy frå trafikk, anlegg og ferdsel kan forstyrre dyreliv, særleg i hekke- og yngleperiodar.

Auka ferdsel i sårbare naturområde kan føre til slitasje og forstyrring dersom bruken ikkje blir styrt. Desse områda kan identifiserast gjennom kartlegging og bli teke omsyn til i ulike kommunale planar, som til dømes i planen for friluftslivets ferdselsårer.

Forsøpling
Forsøpling er ei lokal påverknad som kan forringe naturmangfaldet, særleg langs vegar, i raviner og nær vassdrag. Avfall kan skade vegetasjon, påverke dyreliv negativt og redusere både naturverdiar og landskapsoppleving. Førebygging og opprydding er difor viktige tiltak for å avgrense negative verknader av forsøpling i naturen.

Framande artar
Spredning av framande arter utgjer ei aukande trussel mot naturmangfaldet, særleg i område som allereie er påverka av menneskeleg aktivitet. Framande artar kan fortrenge stadeigne artar, endre vegetasjonsstruktur og svekke naturtypane sin økologiske funksjon. I tillegg kan framande artar spre sjukdom som påverkar folkehelsa og artsmangfald.

Klimaendringar
Klimaendringar vil gi auka mengde ekstremvær, kraftigare nedbør og vind, attgroing av fjellområder og heve tregrensa. Endringane kan skje såpass fort at artar vil ha vanskar med å tilpasse seg. Spesielt artar som treng stabilt, tørt miljø vil vere utsett. På sikt kan dette gi artar som alt er vanlege og kan spreie seg lett, eit fortrinn. Samtidig kan sjukdommar som ikkje er vanlige, blusse opp på plantar og dyr.

Manglande kunnskap
Manglande kunnskap om delar av naturmangfaldet er ei utfordring i forvaltninga. Når viktige naturverdiar ikkje er kartlagde eller tilstrekkeleg kjende, aukar risikoen for at dei blir oversett i planlegging og gjennomføring av tiltak. Ei føre-var-tilnærming og heilskapleg vurdering av samla belastning er difor avgjerande for å redusere truslane mot naturmangfaldet i kommunen.



Arealendringar

Kartleggingane viser at mange arealendringar skjer stykkevis og delt, men at den samla belastninga på naturmangfaldet kan bli stor når fleire tiltak verkar saman i tid og rom.

Arealendringar er ein av dei viktigaste faktorane som påverkar naturmangfaldet i kommunen og på verdensbasis.


Endringar i arealbruk skjer gjennom utbygging av bustader, næringsareal, vegar, kraft- og energianlegg, massedeponi og andre tekniske inngrep. Slike tiltak kan føre til direkte tap av naturtypar, men også til fragmentering av leveområde og svekking av økologiske samanhengar. Meir effektiv bruk av grå, allereie nedbygde areal kan redusere dei direkte påverknadane.

Særleg sårbare er naturtypar med avgrensa utbreiing eller høg grad av spesialisering, som flomskogsmark, semi-naturlige engar og rike skogtypar, der sjølv mindre inngrep kan gi uforholdsmessig store konsekvensar for naturverdiane.

I tillegg til direkte nedbygging fører arealendringar ofte til meir gradvise, men likevel omfattande påverknader. Endringar i hydrologi som følgje av vegbygging, utfyllingar eller regulering av vassdrag kan endre flommønster, fuktforhold og sedimenttransport, noko som igjen påverkar vegetasjon og artsmangfald i tilgrensande område.

Også endra bruk eller manglande bruk av areal, til dømes gjennom opphøyr av slått og beite, er ei form for arealendring som gir store utslag over tid. Slike endringar fører til attgroing og tap av opne, artsrike naturtypar, og bidreg til ei meir einsarta landskapsutforming.

Manglande oversikt over naturverdiar i enkelte område aukar risikoen for at viktige naturtypar blir bygde ned eller forringa utan at konsekvensane er tilstrekkeleg vurderte. For å redusere negative verknader av arealendringar er det difor viktig med heilskapleg arealplanlegging, tidleg vurdering av naturverdiar og ei føre-var-tilnærming, jf. naturmangfaldlova § 9, der omsynet til naturmangfald blir vurdert i planlegging og gjennomføring av tiltak. Kommunal arealplanlegging er det viktigaste verkemiddelet for å redusere naturtap.



Framande artar

Framande artar ser ut til å vere underregistrerte i Årdal, og er i hovudsak dokumenterte frå lett tilgjengelege område. Artar ein bør vere særleg merksam på, er mellom anna pukkellaks, parkslirekne, ulike mispelartar og klistersvineblom. Almesjuka pregar den viktige Almeskogen. I vassdraga er ørrekyte (Pseudorasbora parva) registrert i Holsbru og Nedre Biskopen, ein uønska fiskeart som kan fortrengje heimlege artar og spreie sjukdom til laksefisk.

Per starten av 2026 er det registrert 268 funn av framande planteartar i Årdal i Artskart. Funna omfattar 70 artar, og 27 er vurderte til svært høg risiko på den nasjonale framandartslista. Dei mest aggressive artane, som skogskjegg, kjempespringfrø og hagelupin, kan raskt bli ressurskrevjande å handtere. Behovet for tiltak er aukande, og kommunen har ei viktig rolle i å førebyggje spreiing gjennom arealforvaltning, drift og massehandtering.



Ustelt hage ved bustadblokker på Årdalstangen. Her har ulike framande artar teke fullstendig overhand: skogskjegg (SE), sprikemispel (SE), blankmispel (SE), fagerfredløs (SE) og blåhegg (SE). Foto: Geir Gaarder.



Skogsskjegg (bilete henta frå opplysningskontoret for blomster og planter).



Kjempespringfrø (bilete henta frå naturvernforbundet).



Hagelupin i Seimsdalen (foto: Ellen Molvik).

Kvifor er dette viktig?

Framande artar har store negative økologiske effektar. Når dei dannar massebestand, fortrengjer dei andre plantar og endrar leveområde og næringstilgang for artar som fuglar, insekt og pattedyr.

Spreiing av framande artar er ofte knytt til masseflytting, anleggsverksemd, manglande skjøtsel og opphøyr av tradisjonell bruk. Når open mark gror igjen eller blir forstyrra, får framande artar gode vilkår for etablering.

Bekjemping er ofte krevjande og kostbar når artane først har spreidd seg over større område, og full fjerning kan vere vanskeleg. Difor er førebygging avgjerande, gjennom kunnskapsbasert arealforvaltning, varsam handtering av massar, målretta skjøtsel og tidleg innsats i område med kjende førekomstar.


Å avgrense spreiinga av framande artar er viktig for å ta vare på naturmangfaldet og for å sikre varig effekt av restaurering og skjøtsel av verdifulle naturtypar.

Risikokategoriar vurdert på bakgrunn av økologiske effekt og invasjonspotensial:



Samla belastning for naturmangfaldet

Naturmangfaldet blir sjeldan påverka av éin enkeltfaktor, men av samla belastning over tid. Dei ulike påverknadsfaktorane som er omtala ovanfor verkar ofte samtidig. Summen av fleire mindre inngrep og belastningar kan over tid føre til vesentleg reduksjon i naturkvalitetar. Vurdering av samla belastning er derfor sentralt i kommunal planlegging og forvaltning av naturmangfaldet.



Tilstand for semi-naturleg eng og strandeng i Norge, med særskilt informasjon om vurderingane for Årdal. Begge er trua naturtypar. Ut frå dette kartet er Årdal i lågaste kategori, og situasjonen er dårleg. Henta frå https://www.naturindeks.no/Indicators/tilstand_gras_og_urterik_mark

Positive trekk

Årdal har fleire forhold som er gunstige for naturmangfaldet. Nokre slåttemarker vert skjøtta etter godkjende planar, noko som isolert sett er positivt. Kommunen har relativt mykje verna natur i fjellskog, høgfjell og tronge dalføre som Utladalen. Det har vore lite hogst i nyare tid, og store delar av skogen får utvikle seg naturleg og bli eldre. Særleg den tørre og varme furuskogen i fjordliene får stå i fred, noko som gir gode framtidsutsikter for artar knytte til denne naturtypen samanlikna med mange andre stader i landet.

Negative trekk


Samstundes er det fleire og til dels aukande belastningar. Nokre artar kan vere lokalt utrydda som følgje av nedbygging på Årdalstangen, og fluorureining frå Årdal verk kan ha påverka artstilfanget, særleg lavartar og kulturmark. Semi-naturlege enger og gamal kulturmark har hatt sterk tilbakegang som følgje av nedlegging av gardsbruk og lite husdyrhald, og vegbygging i strandsona og inngrep i deltaområde har ført til tap av naturtypar. Kartlegging i 2025 viste at situasjonen med framande artar er meir alvorleg enn tidlegare kjent – 151 funn fordelt på 35 artar, der 18 var nye for kommunen og 9 med svært høg risiko (SE). Skogskjegg dominerer allereie rundt bustadblokker på Årdalstangen, kjempespringfrø er i aktiv spreiing langs Fardalsvegen, og pukkellaks utgjer ei aukande trussel mot villaks og sjøaure i Sognefjorden.



Kapittel 5

Natur og helse

Foto: Taryn Malkhassian, Ofredalen



Me er natur

Natur og menneske
Eit sunt livsmiljø er avgjerande for god helse og livskvalitet, og naturen spelar ei viktig rolle i dette. I vårt moderne samfunn har me sett ei auke i livsstilssjukdommar og psykiske helseproblem, som visse typar kreft, type 2-diabetes, fedme, hjarte- og karsjukdommar, angst og depresjon. I Noreg brukar me rundt 450 milliardar kroner årleg på helsetenester. Me prioriterer behandling overfor førebygging. Omtrent 18% av offentlege utgifter går til å dekke helseteneste, og berre 3% av desse er øyremerka førebygging. Dette til tross for at ein stor del av desse sjukdommane kan førebyggast med andre livstilsvaner.

Naturkontakt kan motverke dei negative effektane av eit konkurranseprega og stressande samfunnsliv. Mennesket er oppstått og utvikla i naturen og er eit produkt av fleire millionar år utval og tilpassing.

Mens vår biologiske arv har vore så å si konstant sidan steinalderen, har me nå i løpet av svært kort tid gjennomgått ein rask teknologisk og kulturell revolusjon. Det verkar som om me klarar å henge med denne drastiske utviklinga takka vere vår evne til læring og tilpassing men det er mykje som tyder på at me ikkje har klart å lausrive oss fullstendig frå naturen. Naturen synast å appellere til noko grunnleggjande i oss.


Natur, fysisk aktivitet og mental helse
Aktiv bruk av naturen, som friluftsliv, kan ha både fysisk og psykisk helsegevinst. Å vere i naturen har ei rehabiliterande effekt på kroppen og sinnet og forskning viser at naturkontakt har positiv innverknad på helse på fleire nivå. Den moderne livsstilen, som krev mykje fokusert oppmerksemd, kan føre til psykisk utmatting. I naturen derimot, kan me la tankane flyte fritt, og den spontane oppmerksemda som naturen krev av oss, gir ein nødvendig utkopling frå det hektiske livet.

Visste du at?

Naturkontakt har ein rehabiliterande effekt på kropp og sinn, og forskning viser at naturkontakt har samanheng med :

- betre kondisjon, styrke og balanse
- auka ro, harmoni og livsglede
- lindring av stress, angst og depresjon
- betre motorikk og konsentrasjonsevne blant barn og unge
- raskare rehabilitering etter sjukdom- og behandlingsløp
- betre sosiale relasjonar

Ved å ta vare på naturen,
tek me vare på oss sjølv.



Natur i folkehelsearbeidet

Barna si utvikling i samspel med naturen

Naturkontakt har ein dokumentert effekt på barn og unge, som har eit naturleg behov for bevegelse og fysisk aktivitet. Barn som tilbringer tid ute og leiker i naturen, har betre motorikk, betre konsentrasjonsevne og er mindre sjuke. Dei får også gode moglegheitar til å oppleve meistringskjensla i samspel med naturen.

I dagens samfunn blir barn ofte hindra i å vere ute i naturen. Teknologien og eit meir stillestående liv fører til at dei er meir innandørs. Dette kan ha langsiktige negative konsekvensar for både fysisk og psykisk helse. Barn som har ein tidleg tilknyting til naturen, vil sannsynlegvis ha eit betre helsegrunnlag og ein sterkare miljømedvit som vaksne. Friluftsliv kan dermed vere ein viktig investering både for barna si helse og for ei berekraftig framtid.



Foto: Taryn Malkhassian, Ofredalen

Politikk og folkehelsearbeid

Det er ei aukande forståing i forsking og politikk. I Norden er friluftsliv eit viktig folkehelsetiltak, og undersøkingar viser at meir enn 80% av folk i Danmark, Sverige og Noreg oppsøker naturen for å auke livskvaliteten. Naturen fungerer som ein heilt nødvendig motvekt til det moderne samfunnets krav og tempo. Difor er det viktig at politikk og samfunn prioriterer naturen som ein essensiell del av folkehelsearbeidet.

Dei mest utbreidde folkesjukdommane er til ein stor grad førebyggbare. Friluftsliv og nærleik til natur kan vere eit mottiltak mot desse sjukdommane. Aktivitet i naturen stimulerer både kropp og sinn, og kan ha ein smertelindrande effekt, bidra til betre balanse og koordinasjon, og styrke dei fysiske ferdigheitene til ein større grad enn fysisk aktivitet i gymsalen. I tillegg gir naturen rom for rekreasjon og avkopling som er viktig for å redusere den psykiske påkjenninga, som mange opplever i det hektiske samfunnslivet.

Natur, identitet og tilhøyrigheit

Natur, kultur og tilhøyrigheit
Me lever i samspel med naturen. Den norske identiteten hengar nøye saman med korleis natur og naturlandskap har forma identitet, tilhøyrigheit, kultur og tradisjonar. Den majestetiske naturen rundt oss minner oss om vår eigenart, ein krevjande naturlandskap som me har både streve med og vert inspirert av gjennom historia. Fjord og fjell heng ihop i norsk mentalitet. Begge gir vår identitet, stoltheit, kjærleik og tilhøyrigheit - og må beskyttast. Nedbygging av natur er dermed ein nedbygging av identitet. Og det å true identitet hjå folk skaper sterk motstand, og dermed vilje til vern. Store endringar, eller det som kan oppfattast som store endringar i naturen, krev difor aksept blant folk.

Natur og busetnad
Naturnedbygging, som omfattar utbygging av infrastruktur, hytteområde, motorveier, kraftlinjer og andre arealkrevjande tiltak, kan bidra til fråflytting på fleire måtar. Mange har valt å busette seg i Årdal på grunn av sin vakker og tilgjengeleg natur, og livsstilen og moglegheitene den gir oss.
I Årdal har 70 % trygg tilgang til nærturterreng, det vil sei at de kan gå på tur i naturen rett frå heimen sin, utan å måtte krysse store veger eller ta bilen. Nesten alle (96%) seier seg fornøgd med natur- og friluftsområde i Årdal. Tilgang på nærturterreng og rekreasjonsareal er ein ressurs for folkehelsa, særleg fordi bruk av uteområde og natur til uorganiserte aktivitetar og friluftsaktivitetar går på tvers av sosioøkonomisk status.

Når naturen blir omforma eller redusert, vil folk som er avhengige av naturen for rekreasjon og helse kunne føle at livskvaliteten senker, noko som kan føre til at folk ikkje ser på området som eit attraktivt bustadområde lenger. Naturnedbygging kan føre til at Årdal mister den spesielle kulturelle og miljømessige verdien som naturen gir. Dette kan bidra til ei kjensle av tap av fellesskap og tilhøyrigheit, og kan føre til at folk vel å flytte til meir urbane område som tilbyr andre livsstilar eller til andre område som har betre tilgang til natur, ein høgare livskvalitet og ein tilnærming som promoterer naturvern.




Kapittel 6

Klima- og naturrisiko

Foto: Yevhenia Tymofieieva

Klima- og naturrisiko

Kva er klima- og naturrisiko?
Klima- og naturrisiko er risiko for skade på samfunn og natur som følgje av klimaendringar og naturtap. I Årdal gjeld dette både meir ekstremvêr (flaum og skred) og svekka natur gjennom arealbruk og inngrep.
Klimarisiko handlar om auka sannsyn og konsekvensar av naturhendingar, og sårbarheita vår. Naturrisiko oppstår når naturen blir forringa og økosystemtenester som flaumdemping, stabil grunn og reint vatn blir svekka. Desse verkar saman og kan forsterke risikoen.
Ei samla tilnærming er nødvendig: vurdere fare, eksponering og sårbarheit i eit langsiktig perspektiv, og ta vare på naturen si evne til å handtere endringar.



Figur: Samanstilling av dei ulike formane for risiko (natur/klima og fysisk-/omstillingsrisiko) og kategoriar av tiltak for å adressere ulike ledd i årsak-verknadskjeda fram til og med manifestasjon av risiko (raud farge) Kjelde: Vestlandsforsking

Klimarisiko

Klimarisiko handlar om korleis klimaendringar kan påverke natur, samfunn, infrastruktur og kommunale tenester over tid. Risikoen oppstår når klimarelaterte farar, som kraftig nedbør, flaum, skred eller sterk vind, møter sårbare og eksponerte samfunn.

Erfaringar frå mellom anna stormane Jakob i 2024 og Amy i 2025 viser korleis slike hendingar kan føre til evakuering, trefall og skade på bygningar og teknisk infrastruktur. Framskrivingar peikar på meir intens nedbør, hyppigare ekstremvêr og endringar i snø- og temperaturforhold, noko som kan auke risikoen for flaum, overvassproblem, erosjon og skred i kommunen. Bratt terreng, tronge dalføre og tett samspel mellom busetnad, industri og vassdrag gjer at delar av Årdal kan vere særleg utsette.

Sårbarheita i kommunen er også knytt til sosiale og økonomiske forhold. Mobilitet, sårbare folkegrupper og ein lågare del yrkesaktive i primærnæringane kan påverke korleis lokalsamfunnet handterer klimaendringar og naturhendingar.

Klimarisiko omfattar samtidig meir enn fysiske konsekvensar av ekstremvêr. Overgangsrisiko, ansvarsrisiko og grenseoverskridande risiko kan oppstå når samfunnet skal omstille seg til eit lågutsleppssamfunn, til dømes gjennom endra regelverk, nye krav til arealbruk, energiløysingar og klimatilpassing.



Figur: Klimarisiko som funksjon av fare, eksponering, sårbarheit og respons. Figuren illustrerer korleis klimarisiko oppstår i samspel mellom klimarelaterte farar (fare), graden av eksponering og systema si sårbarheit. Risikoen materialiserer seg der desse faktorane overlappar. Responsar, som klimatilpassing og utsleppsreduksjon, verkar inn på alle tre dimensjonane og kan både redusere og endre risikobiletet. Figuren synleggjer at risiko ikkje er statisk, men blir forma av både påverknad og handtering over tid. Kilde: IPCC

EEit døme er menneskleg forflytning, som reiseliv og klimarelatert forflytning. Auka tilstrømming til Årdal kan ha positiv effekt, men risikoane for slitasje og samfunnsendringar må vere ein del av risikoanalysen.

Heilskapleg tilnærming til klimarisiko inneber derfor å arbeide både med førebygging, tilpassing og omstilling. Gjennom god arealplanlegging, robuste løysingar for infrastruktur og styrking av naturbaserte løysingar kan kommunen redusere framtidig risiko og samtidig styrke samfunnet si evne til å handtere klimaendringar.

Naturrisiko

Natur som grunnlag for samfunnstryggleik
Naturlege økosystem leverer viktige funksjonar for samfunnet, mellom anna flaumdemping, stabilisering av massar, regulering av vatn og karbonlagring. Intakte økosystem fungerer som naturleg infrastruktur som bidreg til å redusere klima- og naturrisiko, og som det ofte er langt rimelegare å ta vare på enn å erstatte med tekniske løysingar. IPBES viser at det å unngå naturøydelegging er minst tre gonger rimelegare enn å reparere i ettertid.

Når klimaet endrar seg, oppstår samtidig nye risikoar: framande artar og insekt kan påverke matproduksjon og artsmangfald og endre måten vi produserer på, samtidig som auka press frå mellom anna reiseliv legg ytterlegare belastning på naturen. Desse drivarane verkar sjeldan kvar for seg, men forsterkar gjerne kvarandre. Difor må kommunen ha god beredskap og ein medviten balanse mellom bruk og vern, slik at intakte økosystem framleis kan trygge samfunnet når presset aukar.



Figuren illustrerar at næring er avhengige av naturen samtidig som dei påvirker naturen. Både avhengighet av og påvirkning på natur kan eksponere næringane mot naturrisiko. Kjelde: Naturrisikoutvalget

Naturrisiko i Årdal
Endringar i klima verkar tett saman med utviklinga i naturgrunnlaget. Når natur blir bygd ned, fragmentert eller forringa, blir samfunnet meir sårbart for klimaendringar og naturhendingar. I Årdal gjeld dette særleg langs vassdrag, i bratt terreng og i område der naturlege buffersoner tidlegare har dempa flaum, erosjon og skredfare. Tap av natur reduserer evna økosystema har til å levere viktige funksjonar som vassregulering, stabil grunn og naturleg klimatilpassing, samtidig som spreiing av framande artar og sjukdom aukar risikoen for både artsmangfald og folkehelse.
Reiselivet viser dette dobbelttilhøvet tydeleg: storslått og urørt natur er sjølve grunnlaget for næringa, men auka ferdsel gir slitasje på stiar og sårbare naturtypar, som f.eks. villrein. Forringa natur svekkar dermed både næringsgrunnlaget og samfunnstryggleiken. Kommunen er på same måte både avhengig av naturen og påverkar han gjennom arealbruk, infrastruktur og energiproduksjon, og endringar i naturtilstanden får difor direkte konsekvensar for tryggleik, næringsliv og samfunnsfunksjonar. Ei berekraftig forvaltning av naturmangfaldet er derfor ikkje berre eit miljømål, men ein føresetnad for å redusere framtidig risiko og sikre robuste lokalsamfunn.

Tiltak og naturbaserte løysningar

Naturbaserte løysingar som verkemiddel
Naturbaserte løysingar inneber å bruke naturen sine eigne funksjonar for å møte samfunnsutfordringar knytt til klima, tryggleik og folkehelse. I Årdal omfattar dette mellom anna å ta vare på og restaurere våtmarker, flaumsoner og kantvegetasjon langs vassdrag for å dempe flaum og erosjon, sikre samanhengande grøne og blå strukturar i arealplanleggingа, samt leggje til rette for opne og vegeterte løysingar for overvasshandtering. Intakte økosystem bidreg til å stabilisere massar, regulere avrenning, redusere skadepotensial ved ekstremnedbør og styrkje naturen si motstandskraft mot klimaendringar. Gjennom å prioritere naturbaserte løysingar i planlegging, drift og utbygging kan kommunen redusere både klima- og naturrisiko, samstundes som naturmangfald, landskapskvalitetar og livskvalitet for innbyggjarane blir ivaretekne.

Naturmangfald som klimatiltak Regional plan for klima byggjer på tre kritiske oppdrag: utsleppsreduksjon, klimatilpassing og å sikre naturmangfald. For Årdal heng dette saman:

dei trua naturtypane vi har funne (slåttemark, lauveng, semi-naturleg eng og myr, gammal furuskog) er mellom dei viktigaste karbonlagra i naturen. Å skjøtte og restaurere dei reduserer både naturtap og klimarisiko.



Figuren viser eksempel på naturbaserte løysningar for klimatilpasning frå skog, gjennom kulturlandskap og tettbygde strøk, ut til hav.
Figur: Miljødirektoratet



Kapittel 7

Kommunen sine oppgåver i naturen


Foto: Taryn Malkhassian, Ofredalen

Naturmangfaldlova gjev føringar

Årdal kommune har ei sentral rolle i forvaltninga av naturmangfaldet gjennom planlegging, sakshandsaming og dagleg drift. Kommunen skal sikre at omsynet til natur blir vurdert i alle saker som kan påverke areal, artar eller økosystem. Dette skjer særleg gjennom kommuneplanen sin arealdel, reguleringsplanar og handsaming av byggje- og dispensasjonssaker, der naturmangfaldsplanen fungerer som eit kunnskapsgrunnlag og støtteverktøy for avgjerder.

Forvaltninga byggjer i hovudsak på plan- og bygningslova og naturmangfaldlova, som stiller krav til kunnskapsbaserte vurderingar før vedtak blir fatta. Kommunen skal leggje eksisterande og oppdatert kunnskap om natur til grunn, vurdere føre-var-prinsippet og sjå påverknad på naturen i eit samla økosystemperspektiv. Offentlege avgjerder skal ikkje setje bevaringsmåla for artar og naturtypar i fare, og dersom kunnskapsgrunnlaget er mangelfullt, skal kommunen krevje nærare utgreiingar før tiltak blir godkjende.

I praksis inneber dette at kommunen vurderer naturverdiar opp mot andre samfunnsinteresser som bustadutvikling, næring, infrastruktur og drift av kommunale område. Naturmangfaldet blir følgt opp på tvers av sektorar, mellom anna gjennom planar for utedrift, vatn og avløp, beredskap og arealutvikling. Som nasjonalparkkommune har Årdal eit særleg ansvar for å forvalte natur- og landskapsverdiar på ein berekraftig måte, der langsiktig ressursforvaltning, førebygging av naturtap og omsyn til økologiske samanhengar står sentralt i kommunen sitt arbeid.




Kommuneplanar

Kommunal planstrategi
Årdal kommune sin planstrategi 2023–2027 er kommunen sitt overordna styringsdokument for planarbeidet i valperioden, men vil bli avløyst av ein ny planstrategi i løpet av planperioden for naturmangfaldsplanen. Planstrategien vurderer utviklingstrekk, utfordringar og behov for planlegging i kommunen, og fastset kva planar som skal utarbeidast eller reviderast. Naturmangfald og miljø er peika ut som sentrale tema i planperioden, og utarbeiding av kommunedelplan for naturmangfald er prioritert for å styrkje kunnskapsgrunnlaget og sikre berekraftig forvaltning av naturressursane i Årdal.

Kommuneplanens samfunnsdel
Kommuneplanens samfunnsdel 2022–2030 «Teknologi og miljø inn i framtida» er kommunen sitt overordna strategiske dokument for samfunnsutviklinga, men vil bli revidert og erstatta av ein ny samfunnsdel i løpet av planperioden for naturmangfaldsplanen. Planen fastset mål og langsiktige strategiar for utvikling av lokalsamfunnet, der berekraft, klima og miljø står sentralt. Samfunnsdelen legg til grunn at omsynet til natur, livskvalitet og klimarobust utvikling skal integrerast i all kommunal planlegging og verksemd. Naturmangfaldsplanen følgjer opp desse målsetjingane ved å synleggjere naturverdiar og leggje grunnlag for berekraftig bruk og forvaltning av naturen i kommunen.

Kommuneplanens arealdel (KPA)
Kommuneplanens arealdel (KPA) er kommunen sitt viktigaste verkemiddel for å styre arealbruk og utbyggingsmønster, men planen vil bli revidert og oppdatert i løpet av planperioden for naturmangfaldsplanen. Arealdelen fastset kva areal som kan nyttast til bustad, næring, samferdsel og andre føremål, og skal samtidig sikre at viktige natur-, landskaps- og friluftsverdiar blir ivaretekne. Planen legg til grunn at framtidig utbygging i hovudsak skal skje gjennom fortetting og transformasjon innan eksisterande byggesoner for å redusere nedbygging av natur. Naturmangfaldsplanen skal vere eit kunnskapsgrunnlag for arealdelen og bidra til at omsynet til naturmangfald blir lagt til grunn i arealplanlegging og vidare utvikling av kommunen.



Trafikktryggingsplan

Trafikktryggingsplan for Årdal kommune 2024–2030 er ein fagplan som skal sikre trygge og berekraftige trafikkmønster gjennom tiltak for gåande, syklande og køyretøy. Planen legg føringar for drift, vedlikehald og utforming av vegar og ferdselsårer, og har dermed direkte påverknad på arealbruk, vegetasjonshandtering og naturmangfald i vegkantsoner og omkringliggande areal. Kommunen skal sikre at arbeidet med trafikktrygging og vegdrift tek omsyn til naturmangfald i vegkantsoner. Dette inneber at drift og vedlikehald av vegar vert gjennomført på ein måte som tek vare på blomsterrike kantar, kantsoner langs vassdrag og leveområde for insekt og andre artar. NVE, Miljødirektoratet og Landbruksdirektoratet lanserte i 2025 ein ny rettleiar for kantvegetasjon som gir konkrete råd om korleis vegkantforvaltning kan bidra til å ta vare på naturmangfaldet.



Temaplan for friluftslivets ferdselsårer


Temaplan for friluftslivets ferdselsårer i Årdal kommune er ein kommunal temaplan som skal gi oversikt over eksisterande stiar, løyper og andre ferdselsårer for friluftsliv, samt leggje grunnlag for berekraftig forvaltning, utvikling og tilrettelegging av desse. Denne planen er og kjend som sti og løypeplan. Planen skal kartleggje status og tilstand på stinettverket i kommunen og identifisere tiltak for vidare utvikling og ivaretaking av ferdselsårer i samarbeid med lag, foreiningar og grunneigarar. Planen har som mål å leggje til rette for auka fysisk aktivitet, betre folkehelse og god tilgang til natur- og friluftsområde for alle innbyggjarar, mellom anna gjennom mål om at innbyggjarane skal ha tilgang til ein tursti i nærmiljøet. Temaplanen fungerer som eit kunnskapsgrunnlag og eit strategisk verktøy for kommunen sitt arbeid med friluftsliv, drift og langsiktig utvikling av stiar og turruter.

Vatn og avløp

Kommunedelplan for naturmangfald er utarbeidd i samsvar med mål og prioriteringar i Hovudplan for avløp og vassmiljø. Hovudplanen legg til grunn at kommunen skal sikre god økologisk tilstand i vassførekomstane, redusere forureining frå avløp og handtere overvatn på ein klimatilpassa og berekraftig måte. Naturmangfaldsplanen støttar opp under desse målsetjingane gjennom tiltak som tek vare på vassdrag, kantsoner og naturlege flomområde, og ved å leggje til rette for naturbaserte løysingar i arealplanlegging og klimatilpassing. Planen bidreg vidare til å redusere påverknad på vassmiljø gjennom restaurering av natur, førebygging av forureining og styrkt kunnskapsgrunnlag i plan- og byggesaksbehandling. Som industrikommune har Årdal særskilde utfordringar knytt til forureining: kloakkleidningen frå Øvre Årdal til Årdalsfjorden går gjennom Årdalsvatnet og Hæreidselva og inneheld også prosessvæske frå industrien. Ein lekkasje vil kunne skade økosystemet i dei påverka vassdraga, og det er difor avgjerande at det finst klare rutinar for tilsyn, varsling og handtering av eventuelle utslepp. Samla bidreg planane til ei heilskapleg forvaltning av vatnressursar, naturmiljø og samfunnstryggleik.

Saksgang i kommunen og samspel med næringsliv

Naturmangfaldlova er sektorovergripande og krev at all kommunal forvaltning som påverkar naturmangfaldet, skal vere i tråd med lova sine mål og prinsipp, særleg §§ 4–5 og 8–10. Sakshandsaminga skal byggje på eksisterande og oppdatert kunnskap, alle vedtak skal vere godt grunngjevne, og kommunen skal stille krav om betre utgreiingar ved behov. Offentlege avgjerder skal ikkje setje bevaringsmåla for artar og naturtypar i fare (§§ 4–5), og skal byggje på vitskapleg kunnskap tilpassa sakas omfang og risiko (§ 8). Føre-var-prinsippet (§ 9) inneber at konkret og reell risiko for vesentleg eller irreversibel skade på raudlista artar eller naturtypar skal vektleggjast, sjølv utan sannsynsovervekt. Etter § 10 skal samla belastning vurderast ut frå ei økosystemtilnærming, der påverknad på trua natur vert sett i lokalt, regionalt og nasjonalt perspektiv, og der all relevant påverknad, ikkje berre det aktuelle tiltaket, vert teke omsyn til.




Hydro Aluminium er ein sentral aktør i Årdal's næringsliv og økonomi, og har historisk hatt stor påverknad på naturmiljøet (fluorutslepp, PAH i Årdalsfjorden). Framover er Hydro også ein potensiell partnar i kommunens miljøarbeid. Årdal Teknologipark har kompetanse og kapasitet på grøn teknologi som er direkte relevant for naturbaserte løysingar og miljøvennleg kommunal drift. Kommunen, Hydro og Teknologiparken vil aktivt samarbeide i arbeidet med grøn næringsutvikling og naturmangfald.

Regionale og nasjonale føringar

Vestland Fylkeskommune
Regional plan for klima 2022–2035 (vedteken i fylkestinget 15.12.2022) er ein regional plan etter plan- og bygningslova § 8-2, og skal leggjast til grunn for kommunal planlegging i Vestland. Eitt av dei fem plantemaa er «Sikre naturmangfald», som slår fast at arealbruk er den største trugselen mot naturen, og at karbonrike naturtypar som myr, gammal skog, semi-naturleg eng og kystlynghei både lagrar store mengder karbon og dempar klimarisiko. Naturmangfaldplanen for Årdal følgjer opp dette plantemaet mellom anna gjennom å kartleggje og ta vare på karbonrike og artsrike naturtypar, prioritere naturbaserte løysingar, restaurere verdifulle naturtypar og følgje utviklinga av nasjonal metodikk for naturrekneskap. Slik blir det å ta vare på naturmangfaldet i Årdal samstundes eit klimatiltak.

Nasjonale føringar og Statsforvaltaren i Vestland
Nasjonale føringar legg dei overordna rammene for arbeidet med naturmangfald i kommunen. Dei omfattar lovverk, statlege planretningslinjer, nasjonale mål og fagleg rettleiing. Sentralt står naturmangfaldlova, plan- og bygningslova og vassforskrifta, som stiller krav til kunnskapsgrunnlag, føre-var-prinsippet og vurdering av samla belastning. Gjennom statlege planretningslinjer og nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging blir det stilt tydelege krav om å ta vare på natur, redusere nedbygging og integrere klima- og miljøomsyn i arealforvaltninga. Dei regionale planane supplerer og utdjupar dei statlege føringane.

Statsforvaltaren i Vestland er staten sin representant i fylket og bindeleddet mellom kommunen og staten. Statsforvaltaren følgjer opp dei nasjonale føringane gjennom forvaltningsplanar for verneområde, oppfølging av vassforskrifta, rettleiing og uttalar og motsegner i plansaker. Miljødirektoratet bidreg med nasjonalt kunnskapsgrunnlag og rettleiing. For kommunen inneber dette at naturmangfald må vere ein integrert del av planlegging og beslutningar, med tydeleg dokumentasjon av konsekvensar og avvegingar.






Arealnøytralitet og Naturavtalen

Arealnøytralitet
Arealnøytralitet inneber at samla belastning på natur frå arealbruk ikkje aukar over tid. Ny arealbruk som fører til tap av naturverdiar skal unngåast, og dersom inngrep skjer skal dette kompenserast gjennom restaurering andre stader, slik at den økologiske tilstanden samla sett vert opprettholden. For Årdal kommune inneber dette ei kunnskapsbasert arealforvaltning der omsyn til naturmangfald og samla belastning kan leggjast til grunn i planlegging, i tråd med FNs naturavtale.

Hovudpunkt i FNs naturavtale (Kunming–Montreal-avtalen)
FNs naturavtale legg globale føringar for å stanse og reversere tap av natur innan 2030, og slår fast at naturen må forvaltast innanfor økologiske tålegrenser. Avtalen omfattar mellom anna mål om å verne minst 30 prosent av land- og havområde, restaurere forringa natur, redusere arealendringar som driv tap av naturmangfald, og sikre berekraftig bruk av naturressursar. Eit sentralt prinsipp er at omsyn til naturmangfald skal integrerast i all areal- og samfunnsplanlegging. For kommunar inneber dette eit ansvar for å redusere samla belastning på naturen og bidra til netto null tap av natur, noko som kan operasjonaliserast gjennom prinsippet om arealnøytralitet i lokal planlegging og forvaltning.


Kva kan vi gjere
For å bidra til å nå måla i FNs naturavtale skal Årdal kommune vurdere arealnøytralitet som eitt av fleire omsyn ved revisjon av kommuneplanens arealdel, og følgje utviklinga av nasjonal metodikk for naturrekneskap. I første omgang kan ein prioritere å unngå nedbygging av verdifull natur gjennom tydelege arealstrategiar og kunnskapsbaserte vurderingar av samla belastning. Vidare kan kommunen vurdere å stille krav om at inngrep vert minimert og avbøtt, og at restpåverknad vert kompensert gjennom restaurering av natur slik at netto tap vert unngått. Bruk av verkemiddel som naturrekneskap, styrking av grøne og blå strukturar, og integrering av naturmangfald i sektorplanar kan vere sentralt i dette arbeidet. Gjennom ei slik tilnærming kan kommunen operasjonalisere naturavtalen på lokalt nivå og bidra til at utvikling skjer innanfor naturen sine tålegrenser.



Tiltaksheriakiet

Kva er tiltakshierarkiet?
Eit planleggingsverktøy som syner kva vurderingar kommunen bør gjere for å redusere dei negative verknadene av eit utbyggingsprosjekt for natur, klima og miljø. Kommunane skal bruke tiltakshierarkiet i arealforvaltninga si.

Det mest effektive tiltaket for klima og miljø er å unngå utbygging i dei mest verdifulle områda og utbygging som gjev meir transport og utslepp.




Tiltakshierarkiet. Kjelde: Miljødirektoratet

1. UNNGÅ (høgast prioritet)
Unngå inngrep som skadar naturen eller gjev utslepp og forureining. Sjå alltid etter alternative utbyggingsareal og grå areal som kan gjenbrukast, fortettast eller transformerast, i heile kommunen og regionen. Best vurdert i kommuneplanens arealdel.

2. BEGRENSE
Når skade ikkje kan unngåast: tilpass plasseringa av bygg, og reguler areal til naturføremål med føresegner som forbyr eller avgrensar inngrep.
Døme: byggjeforbodssoner langs vassdrag, grøntbelte mot viktig naturmangfald, og at bygg ikkje vert lagde på karbonrike areal som myr.

3. ISTANDSETTE / RESTAURERE
Når verknadene ikkje kan begrensast: set i stand og revegeter areal. Særleg aktuelt for anleggsbelte, fyllingar og skjeringar. Planen må ha føresegner som sikrar at istandsetjinga vert gjennomført.

4. KOMPENSERE (siste utveg)
Kompensasjon skal berre vurderast dersom det framleis står att vesentlege negative verknader etter at dei andre trinna er vurderte.





Kapittel 8

Handlingsdel


Foto: Marlene Hendrica Nindatu-Nagtegaal

Gjennomføring av handlingsdel

Gjennomføring av handlingsdelen
Kommunedelplanen for naturmangfald har ein planperiode på 12 år, i tråd med plan- og bygningslova. Handlingsdelen er delt inn i tre periodar på fire år og bør vedtakast og rullerast av kommunestyret kvart fjerde år. Ved rullering kan prioriteringar, tiltak og ressursbruk justerast i tråd med ny kunnskap og endra rammevilkår, utan at det er behov for full revisjon av planen. Rullering skal byggje på oppdatert kunnskapsgrunnlag, jf. naturmangfaldlova § 8, inkludert ny kartlegging og vurdering av samla belastning. Handlingsdelen blir vurdert for rullering kvart fjerde år, med halvtidsrevisjon i 2030 og full revisjon i 2038.

Handlingsdelen skal utarbeidast og vidareutviklast i samarbeid med kommunen sine sektorar, og tiltaka omfattar fleire ansvarsområde – mellom anna arealforvaltning, teknisk drift, oppvekst, landbruk, samfunnstryggleik og miljøforvaltning. Målet er at handlingsdelen ikkje berre synleggjer kva sektor som har ansvar, men òg kva plan- eller styringssystem tiltaka skal følgjast opp gjennom, til dømes kommuneplanens arealdel, temaplanar, driftsplanar eller økonomiplan. På denne måten vert naturmangfaldsplanen integrert i ordinær kommunal verksemd og ikkje ståande som eit sjølvstendig dokument.

Handlingsdelen er kommunen sitt operative styringsverktøy for natur og skal leggjast til grunn for prioriteringar i økonomiplan og årlege budsjett. For kvart tiltak skal det fastsetjast ansvar, vurderast økonomiske konsekvensar og gjennomføringstidspunkt, og identifiserast mogleg finansiering, inkludert statlege tilskotsordningar, regionale miljømidlar og andre støtteordningar.





Handlingsdel utarbeida i kommunestyret 24.09/2026

Kapittel	Nr.	Mål	Tiltak og stikkord	Ansvarleg	Korleis / Kva tid	Øk. behov	Økonomi og handlingsplan	Tilskotsordningar
Naturmangfaldet	1	Sikre heilskapleg og lovpålagt vurdering av naturmangfald i all sakshandsaming	**Heilskapleg naturvurdering i plan- og byggesaker** – Vurdere §§ 8–12 i naturmangfaldlova i alle saker – Skal innhente kunnskap frå Naturbase og Artskart før vedtak. – Tiltakshierarkiet: unngå – avgrense – setje i stand – kompensere – Særleg varsemd: strandsona, sjøen, myr/våtmark, semi-naturleg eng, snaufjell	Kommunen ved plan- og byggesaksavdeling	Kontinuerleg / ved alle relevante saker	Lågt	Integrerast i sakshandsaming	Aktuelle tilskotsordningar
Naturmangfaldet	2	Avgrense framande artar og hindre spreiing i kommunen	**Fjerne og hindre spreiing av framande artar** – Årlege fjerningskampanjar for HI- og SEartar – Vidareføre årviss oppfisking av ørrekyte – Prioritere: rødhyll, skogskjegg, kjempespringfrø, parkslirekne m.fl. – I samråd med Sjøfartsdirektoratet vurdere krav til kartlegging ved masseflytting og havneanlegg (sjø/ballastvatn) – Utedrift skal ikkje bruke plantar med spreiingspotensial	Kommunen ved utedrift, frivillige organisasjonar, grunneigarar	Vår / kampanjar / ved massehandtering	Lågt	Avklarast i økonomiplan / integrerast i drift	Hold Norge Rent / aktuelle tilskotsordningar

Naturmangfaldet	3	Styrke kunnskapsgrunnlaget og tette kritiske kunnskapshol	**Vidareføre naturkartlegging og systematisere naturdata** – Målretta kartlegging av prioriterte kunnskapshol – Kalkrik furuskog, MiS-undersøkingar, rasmarkseng, fjellflora, ferskvatn – Rovfugl, flaggermus, gammal furuskog (Seimsåsen, Ofredal), Nundalen – Vurdere krav om naturkartlegging ved utbygging og dispensasjonar – Fortløpande oppdatering av Naturbase og Artskart	Kommunen ved landbrukskontor, klima og miljø, planavdelingen, innbyggjarar	Løpande / ved behov / arealplanarbeid	Middels	Prosjektbasert	Natursats
Naturmangfaldet	4	Ta vare på og forbetre tilstanden til dei viktigaste naturtypane i kommunen	**Restaurere og skjøtte verdifulle naturtypar** – Restaurere kantsoner langs vassdrag – Skjøtsel av slåttemark og naturbeitemark – Heilskapleg skjøtselsplan for Naddvik og beitebruksplan – Vurdere å verne gamal og nyleg daud furu i rasmark Indre–Ytre Ofredal – Vurdere å fjerne gran og lerk i randsoner mot verdifulle naturtypar	Grunneigarar, kommunen ved ÅLA landbrukskontor, plan, utedrift, statsforvalter	Løpande / skjøtselsplanar / beitedyr	Middels	Prosjektbasert / landbruk	Natursats / SMIL / Statsforvaltaren / Årdal kommunes sitt energi og klimafond / Nasjonalparkstyret
Naturmangfaldet	5	Vurdere varig vern til dei viktigaste naturmiljøa	**Vurdere varig vern til dei viktigaste naturmiljøa. Vurdere vern av viktige naturmiljø:** – Identifisere naturmiljø av nasjonal/regional verdi – Kalkrike furuskogar i fjordliene – Samarbeide med Statsforvaltaren om vernesaker – Følgje opp mogleg utviding av Jotunheimen nasjonalpark – Frivillig skogsvern etter plan- og bygningslova	Kommunen ved klima- og miljø, Statsforvaltaren, grunneigarar	Ved identifisering av aktuelle område / løpande	Lågt	Integrerast i planarbeid	Natursats / Årdal kommunes sitt energi og klimafond

Naturmangfaldet	6	Oppretthalde beitebruk som fundament for kulturlandskapet	**Støtte aktivt beitebruk og bidra konstruktivt i rovviltforvaltninga** – Skjøtselstilskot og praktisk bistand til grunneigarar og bønder – Arbeide for påliteleg og forutsigbar kompensasjon ved tap av beitedyr – Undersøke gjetarordning i utmark som førebyggjande tiltak – Bidra i rovviltforvaltning med lokal kunnskap om åtferd og trekkruter – Vestland er prioritert beitedyrregion – ingen ynglingsmål for store rovdyr	Kommunen, ÅLA landbrukskontor, grunneigarar, Statsforvaltaren, ordføraren	Løpande / ved behov / revisjon av bestandsplanar	Høgt	Integrerast i landbruksforvaltning	SMIL-midlar / Natursats / Statsforvaltaren
Naturmangfaldet	7	Sikre at marine naturverdiar i Årdalsfjorden og Sognefjorden vert ivaretekne	**Ivareta marine naturverdiar og delta i verneprosessen for Sognefjorden** – Kartlegge marine naturtypar – Overvake PAH-forureining i Årdalsfjorden – Delta i Miljødirektoratets verneprosess for Sognefjorden – Krevje KU i henhold til nasjonal forskrift ved dumping og utfylling i/nær fjorden	Kommunen ved klima- og miljø og plan- og byggesaksavdeling, næring	Løpande / ved relevante plansaker	Lågt	Integrerast i planarbeid og VA-forvaltning	Aktuelle vassmiljø- og klimatilskot







Natur og helse

Kapittel	Nr.	Mål	Tiltak og stikkord	Ansvarleg	Korleis / Kva tid	Øk. behov	Økonomi og handlingsplan	Tilskotsordningar
Natur og helse	8	Auke kunnskap og medvit om naturmangfald blant innbyggjarar og besøkande	**Naturformidling, haldningsskapande arbeid og informasjon** – Årlege temakveldar for ulike målgrupper – Årshjul for naturinformasjon med tydeleg ansvarsfordeling – Infoplakatar: villrein (Tindevegen), framande artar, turutgangspunkt – Kurs i bruk av Artsobservasjoner og Artsorakel – Nytte nasjonalparkkommunestatus aktivt i formidlinga	Kommunen ved klima og miljø og folkehelse, skule, frivillige, næringsliv, reiselivsnæringa	Årshjul / kampanjar / sesongbasert	Lågt–middels	Avklarast i økonomiplan / integrerast i kommunikasjonsarbeid	Vestland fylkeskommune
Natur og helse	9	Styrkje naturkontakt, folkehelse og tilgang til nærnatur for alle	**Naturkontakt, nærnatur og folkehelse** – Oppmode barnehagar og barneskulane til naturdag minst éin gong per månad – Kurs i artsregistrering for ungdomsskulen – Registrere grøntkorridorar i Årdalstangen og Øvre Årdal –Universelt tilrettelegging av minst éin hovudtursti frå kvar tettstad	Kommunen, skule og barnehage, innbyggjarar, nærmiljø	Løpande / i oppvekst- og folkehelsearbeid	Lågt–middels	Avklarast i økonomiplan / integrerast i drift og investeringsplanar	Vestland Fylkeskommune

Natur og helse	10	Forbetre og overvake vasslokalitetar med dårleg tilstand	**Utbetre og overvake vasslokalitetar** – Prøvetaking og overvaking etter vassforskrifta – Overvake miljøgifter i Årdalsfjorden vidare – Utbetre kantsoner der vegetasjon er borte/forringa – Delta aktivt i Indre Sogn vassområde sitt tiltaksprogram – I samråd med NVE vurdere revisjon av konsesjonsvilkår ved manglande minstevassføring	Kommunen, Indre Sogn vassområde, relevante verksemder	Løpande / etter vassforvaltningsplan og behov	Middels	Prosjektbasert / drift	Aktuelle vassmiljø- og klimatilskot






Klima og naturrisiko

Kapittel	Nr.	Mål	Tiltak og stikkord	Ansvarleg	Korleis / Kva tid	Øk. behov	Økonomi og handlingsplan	Tilskotsordningar
Klima- og naturrisiko	11	Redusere klimarisiko gjennom naturbaserte løysingar i kommunal drift og arealplanlegging	**Naturbaserte løysingar og grøntstruktur i klimatilpassing** – Opne grøfter, regnbed og permeable dekke ved oppgradering -Unngå plantevernmiddel på kommunale areal – Medverke til skjøtsel av kantsoner langs vassdrag etter NVE/Miljødirektoratets rettleiar – Velge miljøvennlege løysingar ved erosjonstiltak i elver og bekker – Utarbeide plan for oppgradering stikkrenner etter kartlegging	Kommunen ved utedrift, arealplan, reguleringsplan	Ved oppgradering og drift av kommunale uteområde	Lågt	Utedrift	Årdal kommunes sitt energi og klimafond /Vestland Fylkeskommune
Klima- og naturrisiko	12	Redusere klima- og naturrisiko gjennom heilskapleg beredskap og planlegging	**Klima- og naturrisiko i beredskap og ROS** – Integrere risiko for tap av naturmangfald som eigen kategori i ROS – Revidere overordna ROS-analyse (2021/22) formelt, inkl. ny NVE-kartlegging – Øve varsling og evakuering saman med Statsforvaltaren (minst kvart 2. år) – Sikre kritisk infrastruktur (bru, veg, kraft) mot kjende fareområde	Kommunen ved alle relevante einingar og beredskap	Ved revisjon av ROS og ved naturhendingar	Lågt–middels	Integrerast i plan- og styringssystem og beredskapsarbeid	Årdal kommunes sitt energi og klimafond

Klima- og naturrisiko	13	Sikre robust VA-, avløps- og overvass-infrastruktur for framtidas klima	**Oppgradere VA-, avløps- og overvassystem** – Sikre at kommunen sin overordna strategiplan for VA er oppdatert med tanke på framtidige klimaendringar. – Ivareta naturmangfald ved anleggsarbeid nær vassdrag – Stadfeste beredskapsrutinar for kloakkleidningen gjennom Årdalsvatnet og Hæreidselva – Innarbeide i økonomiplan med årlege investeringspostar – Prøvetakingsplan i henhold tl vassforskrifta	Kommunen ved VA	Snarast mogleg / ved planlegging og investeringar	Høgt	Innarbeidast i økonomi- og handlingsplan	Årdal kommunes sitt energi og klimafond





Kommunens sitt arbeid

Kapittel	Nr.	Mål	Tiltak og stikkord	Ansvarleg	Korleis / Kva tid	Øk. behov	Økonomi og handlingsplan	Tilskotsordningar
Kommunen sitt arbeid	14	Sikre lovpålagt, naturfagleg sakshandsaming i alle relevante saker	**Lovpålagt sakshandsaming** – Fast sjekk mot Naturbase, Artskart og kommunens naturkart tidleg i prosessen – Særskilt merksemd for sårbar natur i strandsona, sjøen, myr/våtmark, snaufjell – Dokumentere rutinar i sakshandsamingsmal	Kommunen ved plan- og byggesaksavdeling	Kontinuerleg / ved alle relevante saker	Lågt	Integrerast i sakshandsaming	Aktuelle tilskotsordningar
	15	Utgått						

Kommunen sitt arbeid	16	Redusere miljøbelastning frå kommunal drift og eige areal	**Miljøvennleg kommunal praksis** **-**Forureiningskontroll: dokumentere forureina grunn ved bygge-/gravesaker – Arbeide for å redusere lysforureining. Vurdere kriterer: nedovervendt lys, under 3000K; dimming 4 timar før og 4 timar etter mørkaste tidspunkt – Forsøpling: Rydd Norge, innsamling landbruksplast og jarn – Søppelstativ ved populære friluftsstader – Samarbeid med lokalt næringsliv	Kommunen ved utedrift, plan- og byggesaksavdeling og relevante tiltakshavarar	Løpande / ved drift og utskifting / innsamlingsordningar	Lågt–middels	Driftsbudsjett / investering ved utskifting / samarbeid	Hold Norge Rent / aktuelle tilskotsordningar
Kommunen sitt arbeid	17	Redusere hjorteviltets negative påverknad på raudlisteartar og hindre CWD-spreiing	**Hjortevilt – regulering, CWD-beredskap og vern av raudlisteartar** – Tilpassing av hjortebestanden i tråd med gjeldande forvaltningsmål – Føre-var-prinsippet i hjorteviltforvaltning – CWD prøvetaking i samband med felling av hjortevilt, untatt kalv – Bidra i forvaltingsvedtak og gi innspel til villreinutval og villreinnemd – Koordinere med Mattilsynet og Miljødirektoratets pålegg	Kommunen ved viltforvaltning og planavdeling	Løpande / ved revisjon av bestandsplanar kvart 3. år	Lågt	Integrerast i viltforvaltning og ordinær sakshandsaming	Aktuelle tilskotsordningar
Kommunen sitt arbeid	18	Bevare villreinens leveområde og styrkje samarbeid om grenseoverskridande naturverdiar	**Villrein og nabokommunesamarbeid** – Vurdere konsekvensutgreiing i henhold til KU-forskrifta for nye hytter og infrastruktur i fjellsona - Arbeide for at villrein og Tindevegen kan utvikle seg side om side – Nabokommunesamarbeid: villrein, vassdrag, framande artar, kartlegging – Koordinert planlegging av inngrepsfrie fjordlandskap mot Lustrafjorden	Kommunen ved planavdeling, kommunedirektør og næring	Løpande / ved planarbeid og regionale samarbeidsarenaer	Lågt	Integrerast i planarbeid	Aktuelle tilskotsordningar

Kommunen sitt arbeid	19	Systematisere kunnskap om naturmangfald inkludert arealbruk	**Arealbruk og naturrekneskap** -følgje utviklinga av nasjonal metodikk for naturrekneskap -vurdere arealnøytralitet som eit av fleire omsyn ved revisjon av kommuneplanens arealdel	Kommunen ved klima- og miljø og planavdeling	Løpande / når nasjonal metodikk er tilgjengeleg	Lågt–middels	Avklarast i økonomiplan ved behov	Miljødirektoratets tilskotsordning for naturmangfald i kommunane
Kommunen sitt arbeid	20	Vurdere å bevare inngrepsfrie naturområde og styre ferdsel i sårbare naturmiljø	**Vurdere å bevare inngrepsfrie naturområde og styre ferdsel i sårbare naturmiljø** – Vurdere ferdselsstyring ved rovfugllokalitetar, villreinkalving og slitasjelokalitetar – Samordne ferdselsplan for friluftsliv med kommunedelplan naturmangfald – Konsekvensutgreiing av ny infrastruktur ihht nasjonale føringar – Vurdere informasjon og skilting for å styre «vill-camping» og båndtvang på hund	Kommunen ved klima- og miljø, landbrukskontor og planavdeling	Ved planarbeid og ved identifisering av sårbare område	Lågt	Integrerast i planprosessar	Natursats
Kommunen sitt arbeid	21	Sikre at planen vert gjennomført og at kunnskap og kompetanse vert halde ved like	**Oppfølging, rapportering og kompetanseheving** – Årleg statusrapport i Framsikt/årshjul – Vurdere behov for rullering kvart 4. år, halvtidsrevisjon 2030, full revisjon 2038 – Kompetanseheving kvart 4. år vert vurdert ved behov (administrasjon og politikarar) – Vurdere kursing i naturmangfaldlova, bestillarkompetanse, framande artar	Kommunen ved klima- og miljø, administrasjon og politisk leiing	Årsleg statusrapport / kvart 4. år rullering	Lågt–middels	Integrerast i Framsikt/ årshjul og kursbudsjett	Natursats / Klimasats /statsforvaltaren

Kjelder

Fagrapportar og kunnskapsgrunnlag

MU2026-13 – kunnskapsgrunnlag (Miljøfaglig Utredning AS) – https://www.mfu.no/
MU2026-14 – Gaarder m.fl., naturkartlegging 2025 (Miljøfaglig Utredning AS) – https://www.mfu.no/
DNV 2025-60 – Svang, naturtypekartlegging (Dokkadelta Nasjonale Våtmarkssenter AS) – https://www.dokkadeltaet.no/
Gaarder m.fl. 2026 – Utladalen landskapsvernområde (Miljøfaglig Utredning AS) – https://www.mfu.no/
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Fylkesmannen i Oppland - https://fpnv.naturbase.no/Plan/View?naturvernId=VV00000706

Databasar, kartportalar og statistikk

Artsdatabanken – https://artsdatabanken.no/
Artskart (Artsdatabanken) – https://artskart.artsdatabanken.no/
Naturbase (Miljødirektoratet) – https://kart.naturbase.no/
Naturindeks for Norge – https://www.naturindeks.no/
Rovdata – https://rovdata.no/
Rovbase – https://rovbase.no/
Vann-nett – https://www.vann-nett.no/
SSB (Statistisk sentralbyrå) – https://www.ssb.no/

Institusjonar, direktorat og organisasjonar

Miljødirektoratet – https://www.miljodirektoratet.no/
Statens naturoppsyn (Miljødirektoratet) – https://www.miljodirektoratet.no/om-oss/miljodirektoratets-organisasjon/statens-naturoppsyn/
Statsforvaltaren i Vestland – Marint vern Sognefjorden – https://www.statsforvalteren.no/vestland/miljo-og-klima/verneomrade/nye-verneomrade/marint-vern/sognefjorden-kandidatomrade-for-marint-vern/
NGU (Noregs geologiske undersøking) – https://www.ngu.no/
NVE (Noregs vassdrags- og energidirektorat) – https://www.nve.no/
NINA (Norsk institutt for naturforsking) – https://www.nina.no/
NIBIO (Norsk institutt for bioøkonomi og miljø) – https://www.nibio.no/
Norsk Villreinsenter – https://villrein.no/
Havforskingsinstituttet – https://www.hi.no/hi
Vitskapeleg råd for lakseforvaltning – https://www.vitenskapsradet.no/
Sabima – https://www.sabima.no/
Veterinærinstituttet – https://www.vetinst.no/
Vestlandsforsking – https://www.vestforsk.no/nn

Lover og forskrifter

Naturmangfaldlova – https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2009-06-19-100
Plan- og bygningslova – https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2008-06-27-71
Vassressurslova – https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2000-11-24-82
Jordlova – https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1995-05-12-23
Skogbrukslova – https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-05-27-31
Motorferdsellova – https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1977-06-10-82
Viltlova – https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1981-05-29-38
Friluftslova – https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1957-06-28-16
Vassforskrifta – https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2006-12-15-1446

Meldingar, avtalar og overordna føringar

Meld. St. 14 (2015–2016) Natur for livet – https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-14-20152016/id2468099/
FNs naturavtale (Kunming–Montreal) – https://www.fn.no/om-fn/avtaler/miljoe-og-klima/fns-naturavtale
FNs berekraftsmål – https://www.fn.no/om-fn/fns-baerekraftsmaal
IPCC (Intergovernmental Panel on Climate Change) – https://www.ipcc.ch/
IPBES (Intergovernmental Science-Policy Platform on Biodiversity and Ecosystem Services) – https://www.ipbes.net/
Naturrisikoutvalet – https://naturrisikoutvalget.no/
Regjeringa – https://www.regjeringen.no/nn/
Regional plan for klima 2022–2035 (Vestland fylkeskommune) – https://www.vestlandfylke.no/Klima-og-natur/klimaplanar-og-rapportar/

Kommunale dokument

Årdal kommune – plan- og styringsdokument – https://www.ardal.kommune.no/tenester/planar-og-hoyring/

Illustrasjonar og anna

Digitalt museum – https://digitaltmuseum.no/
Nyhetsgrafikk (illustrasjonskjelde)